

# Årsmelding 2025

Dokument 2 (2025–2026)

## Innhald

1 Revisjonene viser behov for sterkare samordning i staten .....	5
2 Kort om Riksrevisjonen .....	9
2.1 Riksrevisjonen undersøker om.....	9
2.2 Kven vi undersøker.....	9
2.3 Nøkkeltal .....	10
3 Resultat av revisjonsverksemda .....	12
<i>Sårbare barn blir ikkje godt nok varetekne av det offentlege .....</i>	<i>13</i>
<i>Fråfallet frå arbeidslivet aukar.....</i>	<i>19</i>
<i>Høge ambisjonar for digitalisering, resultatata uteblir.....</i>	<i>26</i>
<i>Kraftig auke i løyvingar til forsvar og beredskap skaper eit større behov for kontroll .....</i>	<i>31</i>
<i>Gjennomgåande utfordringar i klimaarbeidet til staten .....</i>	<i>38</i>
<i>Stor innkjøpsmakt, stort ansvar.....</i>	<i>43</i>
<i>Rettleiing av forvaltninga verkar .....</i>	<i>47</i>
4 Revisjonar og undersøkingar .....	50
4.1 Rekneskapsrevisjon.....	50
4.2 Forvaltningsrevisjon.....	53
4.3 Oppfølging av tidlegare revisjonar.....	56
4.4 Riksrevisjonens arbeid med misferd.....	57
5 Måloppnåing innan dei strategiske måla .....	59
5.1 Strategisk mål 1: Vi er relevante og gir meirverdi.....	59
5.2 Strategisk mål 2: Vi leverer revisjon av høg kvalitet.....	61
5.3 Strategisk mål 3: Vi er ein effektiv organisasjon.....	64
5.4 Strategisk mål 4: Vi er aktive og tilgjengelege i samfunnsdialogen.....	66
6 Organisering, styring og utvikling .....	72
6.1 Rolle og oppgåver .....	72
6.2 Riksrevisjonen sin organisasjon.....	74
6.3 Riksrevisjonen si styring av verksemda.....	78
7 Internasjonalt engasjement.....	88
7.1 Utvikling av offentleg revisjon.....	88
7.2 Rapport om arbeidet i INTOSAI Development Initiative (IDI).....	91
8 Budsjett og rekneskap 2025 .....	97

8.1 Mindreforbruk.....	97
8.2 Leiarlønningar.....	98
Vedlegg 1: Leiingskommentarar til årsrekneskapen 2025.....	100
Vedlegg 2: Årsrekneskap Riksrevisjonen 2025.....	103
Vedlegg 3: Revisjonsmelding .....	129
Vedlegg 4: Strategisk plan 2025–2027 - resultatindikatorar .....	133



Kollegiet bestod av Anne Tingelstad Wøyen,  
Arve Lønnum, Karl Eirik Schjøtt-Pedersen,  
Tom-Christer Nilsen og Helga Pedersen.

# Kollegiet i Riksrevisjonen

2021-2025

# 1 Revisjonene viser behov for sterkare samordning i staten

Det meste er bra i norsk forvaltning. Av og til får Riksrevisjonen spørsmål om vi rettar kritikk mot alle vi undersøker. Nei, tvert imot. Når vi reviderer rekneskapane til statlege verksemder, ser vi at 220 av dei 230 rekneskapane i all hovudsak er rette. Vi bidreg undervegs med rettleiing slik at verksemdene skal unngå feil. Når vi skal revidere om verksemdene utnyttar ressursane godt og når dei måla som Stortinget har sett, så vel vi ut eit fåtal tema der vi ser at det er risiko for at det kan vere feil og manglar som er av vesentleg betydning. Her veit vi at det kan vere grunnlag for kritikk. I fjor gav vi kritikk i 14 saker. I tre tilfelle gav vi sterk kritikk: for at Politiets tryggingsteneste ikkje har fått nødvendige verkemiddel til å fylle rolla si, for at personar med samtidige ruslidingar og psykiske lidningar ikkje får den hjelpa dei treng, og for at mindreårige blir plasserte i fengsel for vaksne.

Riksrevisjonen sine revisjonar av korleis forvaltninga utfører oppgåvene sine (forvaltningsrevisjonar), blir normalt rapportert kvar for seg. I den nye riksrevisjonslova er det lagt opp til at Riksrevisjonen si årsmelding skal rette merksemda mot resultatata av revisjonsverksemda. Derfor er årets melding retta inn mot å sjå det arbeidet vi utfører, i samanheng.

I revisjonane av tilbodet til og varetakinga av sårbare barn og unge ser vi at dei ulike sektorane ikkje klarer å samarbeide godt nok om tilbodet som skal givast. På eit heilt anna område, utviklinga av digitale tenester i forvaltninga, ser vi det same. Styringa frå departementa og samordninga mellom sektorane er for svak. Også i klimaarbeidet til staten står vi overfor ei stor tverrsektoriell utfordring som i stor grad blir styrt sektorvis. Riksrevisjonen finn derfor grunn til igjen å peike på at ei av dei største utfordringane for norsk statleg forvaltning er at samordninga mellom sektorane er for svak. I ei stadig meir kompleks verkelegheit er det nødvendig at Stortinget og regjeringa i større grad spør korleis samordninga kan bli betre.

\*\*\*\*\*

Riksrevisjonen sin strategi for åra fram til utgangen av 2027 gjer eit veldig tydeleg vegval: Vi skal gjere bruk av nye teknologiske moglegheiter. Gjennom det skal vi effektivisere arbeidsprosessar og organisering. Det gir moglegheit for å hente ut økonomiske gevinstar til investering i kompetanse og teknologi. Dette steget inn i ei ny tid blir no gjennomført systematisk.

Gjennom nye digitale verktøy for innhenting av data og gjennomføring av revisjonsarbeidet, ei strategisk satsing på kunstig intelligens og ei ny skyløysing skal vi bruke teknologi så langt det er mogleg for å forbetre, forenkle og fornye måten vi arbeider på. Ein grundig gjennomgang av heile verksemda har avdekt kvar det er rom for effektivisering. Samstundes har vi avklart kva kompetanse vi kjem til å trenge i framtida. Dei økonomiske gevinstane frå effektiviseringsarbeidet blir no henta ut etter ein detaljert plan der 52 av dagens stillingar blir fasa ut ved naturleg avgang. Gevinstane blir nytta til å etablere 30 stillingar med ny kompetanse og til å investere vidare i ny teknologi.

Revisjon er tradisjonelt tilbakeskodande. Riksrevisjonane har samstundes fått internasjonal kritikk for ikkje å rette nok merksemd mot risikoen knytt til framtidige økonomiske utfordringar. Det nyttar lite om alt ser bra ut i dag, dersom ein veit at det ventar store forpliktingar nokre år fram i tid, mellom

anna kostnader til pensjonar og helse- og omsorgstenester til stadig fleire eldre, klimaomstilling og styrkt innsats i Forsvaret som følgje av auka geopolitiske spenningar. Riksrevisjonen la derfor hausten 2025 fram analysar av finanspolitiske utfordringar.

Analysane våre skal i stor grad byggje på materialet frå Finansdepartementet og Statistisk sentralbyrå. Med den uavhengige stillinga si kan Riksrevisjonen framleis peike på utfordringar som det er viktig at Stortinget er kjent med, også på område som ikkje tidlegare har fått mykje merksemd. I årets presentasjon viste vi mellom anna at dersom verdien av Statens pensjonsfond utland fell med ti prosenteningar, så vil den maksimale overføringa frå fondet til statsbudsjettet – innanfor ramma av handlingsregelen – reduserast med om lag 60 milliardar kroner per år!

\*\*\*\*\*

Den nye leiingsmodellen for Riksrevisjonen tredde i kraft 1. januar 2026. Kollegiet av fem riksrevisorar valde av Stortinget er framleis den øvste leiinga i Riksrevisjonen. Kollegiet har ansvaret for revisjonsverksemda og den overordna styringa av Riksrevisjonen. Kollegiet skal behandle alle viktige saker og saker av prinsipiell betydning. Det er no revisjonsdirektøren som står for den daglege leiinga av Riksrevisjonen.

Det påtroppande kollegiet takkar det avgåtte kollegiet og dei tilsette i Riksrevisjonen for innsatsen i den perioden som no er avslutta, og ser fram til vidare utvikling i den perioden som nettopp har byrja.

Vedteke i Riksrevisjonen sitt møte 13. mai 2026

Karl Eirik Schjøtt-Pedersen

Solveig Horne

Rigmor Aasrud

Harald Tom Nesvik

Tom-Christer Nilsen

---

Jens A. Gunvaldsen



Kollegiet består av Harald Tom Nesvik,  
Rigmor Aasrud, Karl Eirik Schjøtt-Pedersen,  
Tom-Christer Nilsen og Solveig Horne.

# Kollegiet i Riksrevisjonen

2026-2029



# Kort om Riksrevisjonen

## 2 Kort om Riksrevisjonen

### Samfunnsoppdraget vårt

Riksrevisjonen er Stortinget sitt revisjons- og kontrollorgan og skal bidra til den demokratiske kontrollen med at ressursane til staten blir forvalta forsvarleg og effektivt og i samsvar med vedtaka og føresetnadene frå Stortinget.



### 2.1 Riksrevisjonen undersøker om

- statsrekneskapen er utarbeidd, presentert og avlagd i samsvar med gjeldande reglar
- årsrekneskapane gir eit dekkjande bilete
- disposisjonane er i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader
- ressursane til staten blir utnyttja effektivt, måla blir nådde og reglar blir etterlevde og om økonomiforvaltninga er nøktern og forsvarleg
- statsråden varetek eigarinteressene til staten i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader

### 2.2 Kven vi undersøker

#### Regjeringa

Den utøvande styresmakta i Noreg. Har ansvar for å utføre det Stortinget bestemmer. Har òg initiativrett og føreslår saker som blir behandla av Stortinget.

#### Statsforvaltninga

Det administrative apparatet til regjeringa. Inkluderer departement, direktorat, tilsyn og andre statlege verksemder.

#### Statlege selskap

Staten eig mange ulike selskap. Vi undersøker om regjeringa tek vare på eigarinteressene til staten slik Stortinget har bestemt.

#### Sametinget

Sametinget er eit sjølvstendig folkevalt organ. Vi reviderer Sametinget på vegner av Stortinget. Vi kan òg revidere den utøvande delen av Sametinget (Sametingsrådet og administrasjonen) på vegner av Sametinget i plenum, som er det øvste organet i Sametinget.

## Visjonen vår

Revisjon til nytte for morgondagens samfunn



### 2.3 Nøkkeltal

År	2023	2024	2025
Tilsette per 31.12.	428	424	436
Årsverk	407	401	410
Budsjett (i mill. kr)	646,7	677,4	754
Rekneskap (i mill. kr)	641,6	638,8	727,1



# Resultat av revisjonsverksemda

**R.**

## 3 Resultat av revisjonsverksemda

Riksrevisjonen prioriterer undersøkingar og revisjonar innanfor prioriterte satsingsområde. I kapittel 3 presenterer vi resultatata som vi ser går igjen i rapportane våre innanfor fleire av satsingsområda våre:

- varetaking av sårbare grupper - barn
- ressurstilgang - arbeidslivet
- forbetring av offentleg sektor - digitalisering
- samfunnstryggleik og beredskap
- klima og miljø
- anskaffingar

Til slutt i kapitlet presenterer vi kva vi har oppnådd med rettleiinga i finansiell revisjon.



## **Sårbare barn blir ikkje godt nok varetekne av det offentlege**

Varetaking av sårbare grupper er eitt av dei strategisk prioriterte områda for forvaltningsrevisjonane til Riksrevisjonen. Sårbare grupper omfattar personar som ikkje er i stand til å vareta egne interesser, og/eller personar som er i situasjonar som gjer dei sårbare. Barn og unge kan i mange tilfelle plasserast i denne gruppa.

Barnets beste er eit grunnleggjande og styrande prinsipp i alle saker som gjeld barn. Dette følgjer av Grunnlova, barnelova og FNs barnekonvensjon.

Riksrevisjonen har dei siste åra levert fleire rapportar som handlar om kva tilbod barn får, og korleis dei blir tekne vare på. I rapportane har vi undersøkt om statlege barnevernsstyresmakter sikrar det beste for barn i barnevernsinstitusjonar, forvaltningspraksisen i det kommunale barnevernet, årsaker til utfordringar i barnevernet, ungdomskriminalitet og tenester til barn og unge med psykiske plager og lidningar.

Vi ser at sårbare barn har fått *auka behov* for oppfølging frå det offentlege. Til dømes er fleire av dei unge som gjer brotsverk, yngre enn tidlegare, og dei gjer meir alvorlege brotsverk. Det krev ein større innsats frå det offentlege å endre den alvorlege situasjonen barna er i. Fleire av dei som gjer seg skuldige i ungdomskriminalitet, har òg behov for hjelp med både rusproblematikk og psykisk helse. Vi finn òg at barna som har behov for plassering på barnevernsinstitusjon på grunn av åtferdsvanskar, har meir samansette utfordringar enn før. Utfordringane handlar om

rus, psykiske vanskar og i fleire tilfelle kriminalitet.

Eit fellestrekk for desse revisjonane er at dei ulike sektorane ikkje klarer å samarbeide godt nok om tilbodet som blir gitt til barna. Fragmenterte og lite samanhengande tenester er ei utfordring som rammar menneske i sårbare situasjonar sterkt – særleg barn og unge. Manglande samarbeid kan ha ulike årsaker, mellom anna at det ikkje er tydeleg definert kven som har ansvar for kva. Eit anna fellestrekk i desse revisjonane er at det tek for lang tid å gi eit tilbod eller «behandle» saka dei unge er involverte i. Vi har òg funne at det er manglar ved dokumentasjonen av ulike vurderingar som blir gjorde, og det er geografiske variasjonar i tilbodet som blir gitt.

Manglande samordning og manglande tilbod for desse barna kan få store negative konsekvensar for livet deira. Dette er uheldig for både kvar enkelt barn, dei pårørande og samfunnet.

Nedanfor er det ein gjennomgang av fellestrekka vi har sett i revisjonane våre som gjeld varetaking av barn. I tillegg er det ein omtale av kva vi har funne i kvar enkelt revisjon.

### **Manglande samarbeid mellom aktørane og uklare roller**


#### **Det er manglar i det førebyggjande arbeidet med ungdomskriminalitet**

I [Dokument 3:15 \(2024-2025\)](#) Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes innsats mot ungdomskriminalitet var målet å vurdere i kva grad innsatsen til styresmaktene for å

førebyggje og handtere barne- og ungdomskriminalitet er i tråd med Stortinget sine vedtak og føresetnader.

Det er relativt få barn og unge som er i konflikt med lova. Som figur 1 viser, er barne- og ungdomskriminaliteten i eit historisk perspektiv ikkje på eit uvanleg høgt nivå i dag. Den registrerte barne- og ungdomskriminaliteten blei redusert frå 2007 fram til 2015. Deretter har det vore ein jamn auke.

**Figur 1 Talet på sikta mindreårige etter aldersgrupper i perioden 2002–2024\***



\*På grunn av ulik teljemåte kan tala på sikta under 15 år ikkje samanliknast direkte med tala for dei eldre aldersgruppene. Statistikken kan likevel seie noko vesentleg om omfanget av og utviklinga i politimeldingane av barn som bryt lova (Statistisk sentralbyrå).

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken, tabell 09412.

Auken i barne- og ungdomskriminaliteten dei seinare åra skjer først og fremst blant barn som er under 15 år, sjå den mørkeblå søyla i

figuren. Auken i denne aldersgruppa gjeld ikkje berre for mindre alvorlege forhold, men også for alvorleg kriminalitet som grov vald og ran. Samla sett er det ein liten nedgang frå 8 903 sikta mindreårige i 2023 til 8 409 i 2024. Som figur 1 viser, auka den registrerte kriminaliteten litt blant dei i aldersgruppa 15–17 år, men blei redusert hos dei under 15 år.

Både kommunane<sup>1</sup>, politiet, domstolane og andre i justissektoren er viktige aktørar for å både førebyggje kriminalitet og handtere ungdom som gjer seg eller står i fare for å gjere seg skuldige i kriminalitet. Kommunane har det generelle ansvaret for førebygging, og dei har eit stort handlingsrom når det gjeld korleis dei vil innrette førebyggingsarbeidet. Når det ligg føre ei bekymringsmelding, skal den kommunale barnevernstenesta setje inn tiltak tidleg for å førebyggje alvorleg omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Justissektoren har låg kriminalitet som eitt av hovudmåla sine, og rask etterforskning og tilpassa straffereaksjonar kan bidra til å førebyggje lovbrøt.

Når det gjeld det førebyggjande arbeidet, fann vi at det manglar kontinuitet og fleksibilitet i dei kriminalitetsførebyggjande verkemidla. Når det manglar stabile organisatoriske og ressursmessige rammer og fleksibilitet i det kommunale førebyggjande arbeidet, er det etter Riksrevisjonen si vurdering fare for at hjelpeapparatet ikkje kjem i posisjon til å kunne gi dei unge rett hjelp til rett tid. Ifølgje politiet har ressursbruken til trussel- og beredskapsarbeid auka, noko som har redusert kapasiteten til å drive kriminalitetsførebyggjande arbeid.

Vidare fann vi at det kriminalitetsførebyggjande arbeidet er prega av utydelege roller og uklare ansvarsforhold.

<sup>1</sup> Relevante aktørar i kommunen er i denne samanhengen skulen, primærhelsetenesta, barnevernet og ulike oppsøkjande tenester, til dømes utekontakten.

Kommunestyret skal vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen, som skal beskrive kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og fordelast mellom etatane i kommunen, og korleis etatane skal samarbeide.<sup>2</sup> Då undersøkinga blei gjord, var det berre om lag halvparten av kommunane som hadde vedteke ein førebyggjande plan.

## Manglande samhandling rundt barna som blir tekne vare på av barnevernet

Også i [Dokument 3:10 \(2024-2025\)](#)

*Riksrevisjonens undersøkelse av årsaker til utfordringer i barnevernet* var eit av funna at det var manglande samhandling mellom dei ulike aktørane som skulle hjelpe barna. Mange barn som barnevernet gir hjelp til, er avhengige av hjelp og tilbod frå tenester i andre sektorar. Samarbeidet med andre tenester er avgjerande for å kunne tilby tilpassa og effektive tiltak for barn og familiar med samansette behov.

Undersøkinga viser at barnevernstenestene i stort opplever at dei har eit godt samarbeid med politiet, skulen, barnehagen og helsestasjonen. Det er større variasjon i kor godt barnevernstenestene samarbeider med helsetenestene rus- og psykiatritenesta, pedagogisk-psykologisk teneste, barne- og ungdomspsykiatrien og kommunale tilbod om psykisk helsehjelp. Samarbeidet med desse tenestene blir ofte opplevd som utfordrande, noko som mellom anna kjem av låg kapasitet i tenestene.

At begge partane manglar kunnskap om og forståing for arbeidet og arbeidsmetodane til den andre parten, er ei gjennomgåande utfordring og ein barriere for samarbeidet mellom barnevernet og andre kommunale og statlege tenester. Tenestene har ofte ulike forventningar til kva den andre tenesta skal

bidra med, noko som skaper misforståingar og hindrar effektiv samhandling. Samarbeidet blir i tillegg prega av ein silotankegang der saker blir skovne mellom tenestene og ansvaret for barna blir uklart. Ulike problemforståingar og mangel på felles arenaer for dialog bidreg til at tenestene ikkje klarer å koordinere innsatsen.

## Manglande tilbod i tenestene, og det tek for lang tid

### Det tek for lang tid å behandle saker som handlar om ungdomskriminalitet

Når det gjeld dei ungdommane som har gjort brotsverk, fann vi i undersøkinga om ungdomskriminalitet at det tek for lang tid frå lovbrota er gjorde, til straffegjennomføringa startar. I 2024 var det berre 64 prosent av sakene som handla om ungdom under 18 år, som blei påtaleavgjorde innan fristen på seks veker, medan tingrettane berre nådde fristen for oppstart av hovudforhandling i litt over halvparten av sakene. Når det er lang ventetid frå lovbrøt til ei straffegjennomføring startar opp, kan det få store konsekvensar både for unge som bryt lova, for den fornærma og for pårørande. Ettersom barn er i rask utvikling, er det viktig å handle raskt for å oppnå ønskt effekt. Riksrevisjonen meiner at for lang ventetid frå barn og unge gjer brotsverk, til straffereaksjonen startar opp, kan motverke målet om eit kriminalitetsfritt liv.

Vi fann òg at det kan vere vanskeleg å finne eigna straffereaksjonar for ungdommane, og at det manglar eigna tiltak i straffegjennomføringa. Og når ungdommen bryt vilkår eller gjer nye brotsverk under straffegjennomføringa, får det sjeldan konsekvensar. Riksrevisjonen meiner at dette kan føre til at hjelpeapparatet ikkje lykkast med å snu negativ utvikling hos ungdom i tide.

<sup>2</sup> Dette følgjer av barnevernslova § 15-1.

Dette utfordrar målet om at unge som gjer brotsverk, ikkje skal falle tilbake til ny kriminalitet etter straffegjennomføringa.

Det er etablert eigne ungdomseiningar under kriminalomsorga med fengselsplassar til dei som er under 18 år. I 2024 blei 55 av 78 nyinnsetjingar av mindreårige gjorde i fengsel for vaksne. Plassering av mindreårige i fengsel for vaksne er ikkje i tråd med FNs barnekonvensjon, og Riksrevisjonen finn det sterkt kritikkverdig at mindreårige blir plasserte i fengsel for vaksne.

Barne- og ungdomskriminalitet har store samfunnsmessige og menneskelege konsekvensar for dei fornærma og deira nærmaste. For barn og unge kan det å utføre kriminelle handlingar vere ein trussel mot dei sjølv og utviklinga deira, og det kan i tillegg vere ei belastning for familiane deira, offera og omgjevnadene. Det er derfor svært viktig både å førebyggje kriminalitet blant barn og unge og å hjelpe dei som allereie har utøvd kriminelle handlingar, til å utvikle ei positiv tilknytning til samfunnet og å hindre gjentaking.

### **Barnevernsbarn får ikkje institusjonsplass i tide**

Hovudoppgåva til barnevernet er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid. Barn som er under omsorga til barnevernet, er ei særleg sårbar gruppe, og det er derfor viktig å ta godt vare på denne gruppa for å forhindre framtidig utanforskap. Dette inneber òg at barnet skal få hjelp i rett tid.

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) skal tilby institusjonsplass når den kommunale barnevernstenesta ber om det, og denne plikta er absolutt. Dei siste åra har det blitt fleire tilfelle der barn som har behov for ein plass i institusjon, ikkje får det i rett tid. I 2024

konstaterte statsforvaltarane heile 114 brot på bistandsplikta til Bufetat, medan tilsvarande tal for 2023 var 59. For å følgje opp dette har Riksrevisjonen starta ei ny undersøking av bistandsplikta. Denne undersøkinga skal rapporterast til Stortinget våren 2027.

For barna det gjeld, kan brot på bistandsplikta ha alvorlege konsekvensar. Mangel på både akutt- og langtids plasseringar i barnevernet kan føre til at ungdom blir verande i utrygge omsorgssituasjonar prega av rus, kriminalitet og uheldige busituasjonar. I påvente av plassering har det i fleire tilfelle oppstått situasjonar med høg risiko for liv og helse, både for barna sjølv og for personar rundt dei.

## **Manglande dokumentasjon av faglege vurderingar**

Dokumentasjon av vurderingane til barnevernstenesta under saksbehandlinga i ei barnevernssak er avgjerande for at barn og foreldre skal få oppfylt rettane sine både under saksbehandlinga og etter at det er gjort eit vedtak i saka. Dokumentasjonen gjer det mogleg å sjå kva vurderingar som ligg til grunn for konklusjonen i saka og eventuelle val av tiltak. Dersom det manglar dokumentasjon av vurderingar som er gjorde under saksbehandlinga, kan det få konsekvensar for kva vedtak som blir fatta, og kva hjelpetiltak som blir sette i verk for barnet.

I [Dokument 3:7 \(2019–2020\)](#) *Undersøking av om statlege barnevernsmyndigheiter sikrar det beste for barn i barnevernsinstitusjonar* fann vi at behova til barna ikkje blei godt nok greidde ut ved val av institusjon, og at det ikkje var god nok oppfølging under sjølv opphaldet. For eit barn vil det vere ei stor endring i livet å flytte inn på ein barnevernsinstitusjon, og det offentlege overtek ansvaret i ein krevjande situasjon for dei mest sårbare barna.

Institusjonane skal utarbeide handlingsplanar som skal beskrive korleis ein skal nå måla som er sette for kvart enkelt barn. Vi gjekk gjennom sakspapira om opphaldet for til saman 40 barn. Totalt mangla det planar for heile eller delar av opphaldet for 27 av barna. Det blei òg påvist store manglar i evalueringa av utviklinga for barna, i utarbeidinga av oppfølgingsplanar og i sluttrapportane ved utskrivning av barna.

Dette med manglande dokumentasjon av saksbehandlinga var òg eit sentralt funn i [Dokument 3:5 \(2022-2023\) Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltningspraksisen i det kommunale barnevernet](#). Her fann vi manglar i det kommunale barnevernet sin dokumentasjon av barnevernsfaglege vurderingar og av medverknaden til barna og foreldra. Det går føre seg ei kompetansereform i barnevernet. Men på det tidspunktet undersøkinga blei gjennomført, hadde ho ikkje blitt sett i verk godt nok enno. Vi fann elles ingen skilnader i dokumentasjonen av sakene som følgje av storleiken på dei kommunale barnevernstenestene. Likevel såg vi at det var meir krevjande for dei små barnevernstenestene å få til å delta på kompetansetiltaka enn det var for dei mellomstore og store barnevernstenestene.

## Unge med psykiske plager og lidingar

Undersøkinga vår av [psykiske helsetenester](#) viste at mange med psykiske lidingar må vente lenge på helsehjelp. Vi viste til at lang ventetid og ulik tilgang til helsehjelp er alvorleg for personar som allereie er i ein sårbar situasjon. Helsehjelpa avheng i stor grad av kvar ein bur. Det var mellom anna tilfellet for ungdom som har både rusmiddelproblem og psykiske plager eller lidingar. I mange kommunar får dei ikkje eit godt nok behandlingstilbod, eller dei står utan eit kommunalt tilbod. Vi har derfor

gjennomført ei ny undersøking av [tenester til barn og unge med psykiske plager og lidingar](#).

Kommunane, spesialisthelsetenesta og dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at barn og unge med psykiske plager og lidingar får nødvendige tenester. Barn og unge skal, uavhengig av kvar dei bur, ha likeverdig tilgang på helsetenester av god kvalitet. Samstundes som talet på barn og unge med psykiske plager og lidingar har auka dei siste åra, er det mange barn og unge som bur i kommunar som ikkje har eit utbygd hjelpetilbod. Kommunalt sjølvstyre tilseier at det vil vere ein viss variasjon i tilbodet, men undersøkinga viser at variasjonane er for store. Det er store skilnader i om kommunane har psykologkompetanse, helsestasjon for ungdom, rask psykisk helsehjelp eller oppsøkjande team. Mange kommunar manglar òg tilrådde tiltak, som individuelle samtalar, foreldrerettleiingsprogram, familiesamtalar og gruppetilbod.

Når det gjeld spesialisthelsetenesta, viser undersøkinga at det dei siste åra har vore ein reduksjon i talet på registrerte kontaktar per barn og unge og omfanget av ambulant behandling. Samstundes er talet på døgnplassar noko redusert, og det er ikkje i tråd med forventningane som Stortinget har. Det har vore ein auke i talet på årsverk i helseføretaka, men talet på innvilga tilvisingar har auka meir. Det gjer at arbeidsbelastninga har blitt større i store delar av spesialisthelsetenesta. Også her har bustad noko å seie for i kva grad tilbod blir gitt, og kva slags tilbod barn og unge med psykiske plager og lidingar får.

Helse- og omsorgsdepartementet har ikkje i tilstrekkeleg grad sørgt for at barn og unge med psykiske plager og lidingar får den hjelpa dei har behov for. Tilbodet er ikkje tilstrekkeleg koordinert og heilskapleg, verken innanfor

eller mellom tenestenivåa. Sjølv om departementet har gjort fleire styringsgrep, er sentrale mål ikkje oppnådde, og det manglar informasjon som gjer at ein kan følgje med på området.

Manglane i dei psykiske helsetenestene kan ha store negative konsekvensar for kvardagen og framtida til barn og unge. Psykiske plager som ikkje blir tidleg følgde opp, kan utvikle seg til lidingar som krev langvarig behandling. Manglande oppfølging kan få store ringverknader for heile familien, som blir sitjande med ansvar og bekymringar, utan å få støtte, rettleiing og hjelp. Riksrevisjonen konstaterte at det ikkje har skjedd tilstrekkelege forbetringar i tilbodet til barn og unge sidan førre undersøking i 2021.




løpande vurdere behovet for nye undersøkingar av sårbare barn og unge.

## Vegen vidare

Vi ser at ein del grupper i samfunnet kan bli oversett eller ikkje høyrde, og dette er ofte menneske som har mindre ressursar, og som ikkje evnar å fremje saka si sjølve. Barn og unge kan i mange tilfelle vere i ein sårbar situasjon der det er vanskeleg å vareta eigne interesser. Riksrevisjonen har ei viktig oppgåve i å undersøkje korleis denne gruppa blir vareteken.

Vi vil følgje opp undersøkingane for å gi Stortinget oppdatert informasjon om kva styresmaktene gjer for å få i stand eit betre tilbod på dei områda vi har undersøkt. Vi vil òg





Forvaltningsrevisjonar – kva ser vi på tvers?

## Fråfallet frå arbeidslivet aukar

Det overordna målet for arbeids- og velferdspolitikken er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Den norske velferdsstaten er i stor grad finansiert gjennom skatteinntekter frå arbeid, og høg sysselsetjing er derfor ein føresetnad for å kunne halde oppe eit høgt nivå på offentlege tenester og overføringar. I tillegg vil det i åra som kjem, bli eit større behov for arbeidskraft som følgje av at ein større del vil bli pensjonistar.

For kvar enkelt vil det å delta i arbeidslivet gi økonomisk tryggleik og sosial tilhørsele. For dei fleste er det òg helsefremjande å delta i arbeidslivet.

Arbeids- og velferdsetaten har ei sentral rolle i gjennomføringa av arbeids- og velferdspolitikken.


Riksrevisjonen har dei siste åra levert to rapportar som handlar om deltaking i og fråfall frå arbeidslivet. Dette er [Dokument 3:5 \(2025–2026\) Riksrevisjonens undersøkelse av Navs innsats for å forhindre fråfall fra arbeidslivet](#) og [Dokument 3:17 \(2023–2024\) Arbeidsretta bistand frå styresmaktene til unge utanfor arbeidslivet](#). Denne artikkelen er basert på desse rapportane, med oppdaterte tal for 2025 der desse ligg føre.

Felles for begge rapportane er at vi konstaterer at målet om å redusere fråfallet frå arbeidslivet ikkje er nådd, verken for befolkninga frå 18–67 år eller for dei frå 18–29 år. Vi finn at det er for svak og for sein oppfølging av brukarar som melder seg til Nav for å få hjelp til å finne eller behalde arbeid. Den arbeidsretta bistanden er ikkje tilstrekkeleg tilpassa, og det er for få som kjem i arbeid etter å ha fått bistand frå Nav.

## Utbetalinger til helserelaterte ytingar aukar

Noreg blir kjenneteikna av høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse. Samstundes har vi ein stor del som får helserelaterte ytingar, og kostnadene til desse ytingane blir større, sjå figur 22.

**Figur 2 Utbetalinger frå Nav til uføretrygd, sjukepengar og arbeidsavklaringspengar (2013–2025), milliardar kroner i 2025-kroneverdi, justert for lønsvekst**




Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

I 2025 blei det i sum utbetalt 256 milliardar kroner til helserelaterte ytingar, jf. figur 22. Tilsvarende tal i 2013 var 204 milliardar kroner (omrekna til 2025-verdi). Dette svarer til ein auke på 25 prosent.

## Delen som får helserelaterte ytingar, har vakse sidan 2019

I tillegg til ein auke i utbetalingane har det blitt fleire personar som får helserelaterte ytingar.

**Figur 3 Del som fekk arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd i åra 2015-2025 i prosent av alle i yrkesaktiv alder<sup>3</sup>**




Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.<sup>4</sup>

Per desember 2025 var det registrert 168 900 personar som fekk arbeidsavklaringspengar (AAP), og 374 900 som fekk uføretrygd.<sup>5</sup> Målar vi dette som del av befolkninga i aldersgruppa 18-67 år, ser vi av figur 2 at det er 10,5 prosent som får uføretrygd, og 4,7 prosent som får AAP. Den samla delen har aldri vore høgare i åra vi har sett på.

Sidan den første avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) blei inngått i 2001, har det vore eit mål å redusere sjukefråværet og

fråfallet frå arbeidslivet. I figur 4 ser vi korleis sjukefråværet<sup>6</sup> har utvikla seg i perioden.

**Figur 4 Samla sjukefråvær og mål for reduksjon av sjukefråvær.\* 2002-2025. Prosent.**



\* Det er ikkje sett noko spesifikt mål for sjukefråværsprosent i avtalen om inkluderande arbeidsliv som er inngått for perioden 2025-2028 ([IA-avtalen 2025-2028 - regjeringa.no](#)).

Kjelde: Nav og SSB.<sup>7</sup>

Det høgaste sjukefråværet i heile perioden var på 7,6 prosent i 2003. I åra etter 2019 har sjukefråværet stort sette lege mellom seks og sju prosent. Det var ein svak nedgang frå 6,9 prosent i 2024 til 6,6 i 2025. Eit høgt sjukefråvær kan bidra til auka risiko for sosialt og arbeidsrelatert utanforskap på sikt.

Gradert sjukmelding skal vere hovudregelen ved sjukefråvær.<sup>8</sup> Det gjer det mogleg for den sjukmelde å halde kontakten med arbeidsplassen. Delen som har gradert

<sup>3</sup> For arbeidsavklaringspengar inkluderer det alle personar i alderen 18-66 år. For uføretrygd er befolkninga alle i alderen 18-67 år.

<sup>4</sup> Arbeids- og velferdsdirektoratet (2025). Henta frå [Arkiv - Mottakere av arbeidsavklaringspengar \(AAP\) per oktober - desember 2024 - nav.no](#) og [Mottakere av uføretrygd som andel av befolkningen \\*](#). etter kjønn og alder. Pr. 31.12.2015-2024. Prosent. Nav.no.

<sup>5</sup> Arbeids- og velferdsdirektoratet.

<sup>6</sup> Sjukefråværsprosenten blir målt som dagsverk med sjukefråvær sett opp mot delen av avtalte dagsverk.

<sup>7</sup> [Årsstatistikk - sjukefråvær og sjukepengar - nav.no](#)


<sup>8</sup> Dette kjem fram av mellom anna av folketrygdlova § 8-6 og Innst. 150 S (2024-2025), s. 17, Ot.prp. nr. 48 (2003-2004) og IA-avtalane. Gjennom behandlinga av Meld. St. 33 (2023-2024) *En forsterket arbeidslinje* bad Stortinget regjeringa om å arbeide for at gradert sjukmelding blir brukt i større grad. Arbeids- og inkluderingsdepartementet skriv til Riksrevisjonen at det er ein større del graderte sjukmeldingar ved meir langvarige sjukefråvær. Det er rimeleg å rekne med at ein del korte sjukefråværestilfelle ikkje kan graderast.

sjukmelding, har derimot stabilisert seg på under 25 prosent.

## Det er ein aukande del unge som får uføretrygd og AAP

Unge har i lengre tid vore ei prioritert målgruppe for den arbeidsrette bistanden frå arbeids- og velferdsetaten.<sup>9</sup>

**Figur 5 Del som fekk AAP eller uføretrygd i 2019-2024 i prosent av dei i aldersgruppa 18-29 år**



Kjelde: Nav.

Unge som får uføretrygd, auka frå 2,4 prosent i 2019 til 2,7 prosent i 2024, sjå figur 55. Det har vore ein auke frå 20 065 personar i 2019 til 22 373 i 2024.<sup>10</sup> Til samanlikning var det i 2010 omtrent 8 500 under 30 år som fekk uføretrygd, noko som svarte til i overkant av 1 prosent av alle personar i denne aldersgruppa. Dette inneber at både talet på og delen av unge som får uføretrygd, er meir enn dobla sidan 2010. Riksrevisjonen vurderer denne utviklinga som urovekkjande.

Ser vi på dei som får arbeidsavklaringspengar (AAP), har delen auka frå 2,9 prosent i 2019 til 3,7 prosent i 2024.<sup>11</sup>

Ved utgangen av 2024 var sjukmeldingsprosenten for dei under 30 år på 2,1 prosent.<sup>12</sup> Sjukefråværsprosenten er altså mykje mindre for denne aldersgruppa enn for heile befolkninga samla sett.

## Overgangar mellom dei helserelaterte ytingane og kva som kjenneteiknar mottakarane (gjeld aldersgruppa 18-67 år)

### Sjukepengar

I 2024 var i underkant av 1,1 millionar personar sjukmelde av lege i løpet av året, medan det var 2 millionar sjukefråværestilfelle. Det var 386 000 personar som blei sjukmelde med muskel- og skjelettplager, nær 350 000 personar med luftvegssjukdommar og over 250 000 personar med psykiske lidningar. Sidan 2010 har det vore ein auke på over 70 prosent i talet på sjukmelde med psykiske lidningar.

Kvinner har stått for 60 prosent av alle sjukefråværestilfella i perioden 2002-2024. Sjukefråværet var i 2024 høgast i aldersgruppa 60-64 år. Fire av fem sjukmelde er friskmelde etter åtte veker, medan 7,7 prosent framleis er sjukmelde etter 46 veker.

### Arbeidsavklaringspengar (AAP)

Sidan innføringa av AAP i 2010 og fram til 2024 har det i gjennomsnitt blitt 15 000 nye mottakarar per år. Rundt to tredelar av dei nye mottakarane hadde tidlegare fått sjukepengar.

<sup>9</sup> I 2018 blei *Ungdomsinnsetning* innført, og i 2023 blei *ungdomsgarantien* forskriftsfesta. Garantien gjeld for personar i aldersgruppa 16-30 år som har fått konstatert eit behov for bistand frå Nav for å kome i ordinært arbeid.

<sup>10</sup> Det har mellom anna vore ein auke i talet på 18-åringar som får uføretrygd av medfødde medisinske årsaker. Dei vanlegaste diagnosane for dei som fekk innvilga uføretrygd i alderen 18 til

29 år i 2024, var Aspergers syndrom (10,4 prosent), lett psykisk utviklingshemming (9,9 prosent), barneautisme (5,6 prosent), ADHD (4,6 prosent) og Downs syndrom (4,3 prosent).

<sup>11</sup> Dette svarer til 25 086 personar i 2019 og 30 191 personar i 2024.

<sup>12</sup> Nav sin årsrapport for 2024.

Av alle dei som fekk innvilga AAP i 2024, var det 43,7 prosent som hadde psykiske lidningar, medan 28,3 prosent hadde muskel- og skjelettlidningar. Ser vi nærmare på dei under 30 år, finn vi at nærmare 70 prosent av dei som fekk innvilga AAP (i perioden 2018-2022), hadde ei psykisk lidning.

## Uføretrygd

Nærmare fire av fem som fekk innvilga uføretrygd i 2024, hadde tidlegare fått AAP. Befolkningsdelen som er uføretrygda, aukar med alder, og i 2024 var 27 prosent av personar mellom 62 og 67 år uføretrygda.

Talet som får uføretrygd, har auka kvart år frå 2015 til 2024, frå 315 746 i 2015 til 373 034 i 2024. Nærmare halvparten av denne veksten kjem av at det er fleire mottakarar i alderen 25-39 år.

I 2024 var det 219 161 kvinner og 153 875 menn som fekk uføretrygd. Over 90 prosent av dei som sluttar å få uføretrygd, gjer det på grunn av overgang til alderspensjon eller død.

## Delen som får helserelaterte ytingar, er større i Noreg enn i samanliknbare land

Nederland, Danmark og Sverige har redusert sjukefråværet dei siste 20 åra, og det har stabilisert seg på litt i overkant av 2 prosent.<sup>13</sup> Ifølgje NOU 2021: 2 *Kompetanse, aktivitet og inntektssikring* er det ikkje er grunn til å tru at det høge sjukefråværet i Noreg kjem av dårlegare helse blant befolkninga eller eit tyngre arbeidsliv.<sup>14</sup> Ifølgje utvalet er ei sentral forklaring truleg korleis velferdsordningane er utforma.

Noreg har i fleire tiår hatt ein av dei høgaste sysselsetjingsratane i OECD. Samstundes er Noreg blant landa med størst del av befolkninga som får helserelaterte ytingar, og i 2025 fekk omtrent 15 prosent AAP eller uføretrygd. Dette er det høgaste nivået blant samanliknbare land i Europa. Trenden er den same når vi ser nærmare på dei mellom 18 og 29 år. OECD peikar i ein rapport på uheldige sider ved det norske velferdssystemet og meiner det kan bidra til at unge blir «innelåste» i dei helserelaterte ytingane.<sup>15</sup>

Noreg bruker i overkant av åtte prosent av bruttonasjonalproduktet (BNP) på helserelaterte ytingar, noko som er meir enn fire gonger gjennomsnittet i OECD.<sup>16</sup> Samstundes bruker Noreg berre litt over gjennomsnittet i OECD på sosiale utgifter.<sup>17</sup> Dette viser at samstundes som Noreg bruker mest på helserelaterte ytingar, bruker vi mindre enn samanliknbare land på andre ytingar som dagpengar og sosialhjelp. Totalt sett er det altså ikkje fleire personar som får trygd i Noreg enn i andre land.

## Særlege utfordringar i Nav si oppfølging av unge

Nav har over fleire år prioritert dei unge under 30 år i arbeidet sitt. Dei unge som melder seg til Nav, har i mange tilfelle utfordringar med helse og manglande utdanning og kompetanse. I tillegg har dei ofte lite arbeidserfaring.

I undersøkinga vår av bistanden som styresmaktene gir til unge utanfor arbeidslivet, såg vi på i kva grad unge kom seg over i arbeid eller utdanning etter å ha fått bistand frå Nav. Vi fann at innsatsen frå Nav ikkje i tilstrekkeleg

<sup>13</sup> Arbeidskraftundersøkinga (AKU) er Statistisk sentralbyrå si kvartalsvise intervjuundersøking om arbeidsmarknaden.

<sup>14</sup> NOU 2021: 2, OECD (2024).

<sup>15</sup> OECD (2018) *Investing in youth: Norway*.

<sup>16</sup> OECD (2024).

<sup>17</sup> Sosiale utgifter inkluderer kontantytningar, naturalytingar (varer og tenester) og skattefordelar med eit sosialt formål. Det omfattar støtte retta mot grupper som låginntektsushald, alderspensjonistar, personar med nedsett funksjonsevne, arbeidsledige, sjuke eller unge.

grad bidrog til målet om at fleire unge skal kome i jobb eller utdanning, og vi vurderte dette som kritikkverdig.

Vidare fann vi at Nav feilvurderte bistandsbehovet til for mange unge, i og med at Nav rekna bistandsbehovet som mindre enn det som kom fram i løpet av oppfølgingsperioden. Rettleiarane i Nav forklarte dette med at det tok tid å bli kjend med ungdommen, og at utfordringane viste seg meir etter kvart. Resultatet av dette var at mange unge blei gåande passive og ikkje kom raskt nok i aktivitet som kunne bidra til at dei kom i arbeid. Vidare fann vi at dialogen mellom Nav og dei unge ofte handla om avklaring av inntektssikring eller liknande framfor moglegheitene for å kome i arbeid.

## Sjukmelde får for lite oppfølging frå arbeids- og velferdsetaten

Arbeidsgivaren har hovudansvaret for å følgje opp tilsette som blir sjukmelde, og skal leggje til rette for at den tilsette kan arbeide trass i sjukdom eller skade. Den tilsette skal medverke til tilrettelegginga. Men arbeids- og velferdsetaten og sjukmeldaren har òg ansvar og plikter i oppfølgingsarbeidet.

I 2025 var sjukmeldingsprosenten på 6,6 prosent for dei mellom 18 og 67 år. Av alle som får innvilga AAP, har to tredelar hatt eit løp med sjukepengar først.

I oppfølginga av sjukmelde møter arbeids- og velferdsetaten fleire dilemma. På den eine sida skal etaten utøve ei lovregulert masseforvaltning, der alle sjukmelde skal få oppfølging. På den andre sida er det eit klart behov for å yte ein ekstra innsats for dei som står i fare for å falle permanent ut av

arbeidslivet. Ein konsekvens av mangelfull oppfølging er at enkelte sjukmelde først møter arbeids- og velferdsetaten når sjukepengeperioden er i ferd med å gå ut.

Dersom arbeids- og velferdsetaten skal gi meir brukarretta oppfølging, føreset det at dei tidleg klarer å identifisere kva for nokre sjukmelde som risikerer å falle ut av arbeidslivet, og kven som har mindre behov for oppfølging. Sjukmelde med gjentakande sjukefråvær er ei prioritert gruppe i sjukefråværsoppfølginga, men det store talet på personar med langvarig eller hyppig gjentakande fråvær gjer det krevjande å følgje opp alle i denne gruppa.<sup>18</sup>

Saksbehandlingssystema i etaten er lite tilrettelagde for å gjere raske oppslag på diagnosen og sjukdomshistorikken til brukaren.



Etter Riksrevisjonen si vurdering er det uheldig at arbeids- og velferdsetaten i liten grad får identifisert sjukmelde som treng ekstra oppfølging, og at etaten ikkje har tilstrekkelege ressursar til å gi målretta oppfølging. Dette vanskeleggjer tidleg innsats og tett oppfølging, som kunne ha bidrege til å redusere sjukefråvær og langvarig fråvær og dermed fråfall frå arbeidslivet.

<sup>18</sup> Arbeids- og velferdsdirektoratet (2025b).

## Manglande tiltak for dei som får AAP

I undersøkinga om fråfall frå arbeidslivet, som omfatta alle frå 18 til 67 år, fann vi at dei fleste (82 prosent) som får AAP, og som har vore i arbeid, deltek i arbeidsretta tiltak eller er i arbeid i løpet av det første året dei får ytinga.<sup>19</sup> Samstundes går nesten éin av fem (18 prosent) AAP-mottakarar det første året utan å delta i tiltak eller å vere arbeid. Dette utgjer omtrent 50 000 personar. Mangelen på deltaking i tiltak eller arbeid kan kome av at dei ikkje får tilbod om tiltak, eller at dei får behandling som ikkje lèt seg kombinere med aktivitet.

Arbeids- og velferdsdirektoratet oppgir at det i gjennomsnitt er ei ventetid på ca. seks månader frå ein person får eit vedtak om behov for bistand for å behalde eller skaffe seg arbeid (14a-vedtak), til personen er i tiltak. Samstundes er det lang ventetid på tilbod i helsetenesta, noko som kan forhindre at brukarar kjem i gang med tiltaka. Når AAP blir ei passiv yting, kan motivasjonen til ytingsmottakaren bli svekt, og personen får hol i CV-en som kan gjere det vanskeleg å få jobb i framtida. Riksrevisjonen meiner at det er for mange mottakarar av AAP som ikkje deltek på tiltak eller er i arbeid. Konsekvensen er at mange personar ikkje er nærmare retur til arbeidslivet eller får ei avklaring av arbeidsevna.

Ser vi nærmare på dei under 30 år som får AAP, finn vi at arbeidspraksis og oppfølging er dei mest brukte arbeidsmarknadstiltaka. På den andre sida opplever Nav-rettleiarane at dei manglar tilgang til relevante tiltaksplassar for dei som har psykiske lidingar. Vidare fann vi at det er for liten bruk av individuell plan (som skal sikre koordinering av tenester) og tiltaket

individuell jobbstøtte (som viser seg å ha god effekt) for dei unge.

## Rolla til fastlegane

Fastlegane skal greie ut og behandle pasientar. Samstundes skal dei utøve ei portvaktrolle på vegner av folketrygda. Legeerklæringar dannar i praksis grunnlaget for forvaltningsvedtaka til Nav, og det blir lagt stor vekt på dei når arbeids- og velferdsetaten behandlar søknader om AAP og uføretrygd. Ved utbetaling av sjukepengar føreset Nav vanlegvis at sjukdomskravet i folketrygdlova er oppfylt når ein lege sjukmelder.

I spørjeundersøkinga vår oppgav 69 prosent av fastlegane at behandlarrolla og rolla med å vurdere arbeidsevna til pasienten ofte kjem i konflikt. Berre 49 prosent oppgav at dei meiner fastlegar bør ha oppgåva med å vurdere om eigne pasientar har nedsett arbeidsevne som følge av sjukdom, lyte eller skade. I situasjonar der det er få objektive funn knytte til plagene pasienten har, baserer legar funksjonsvurderinga i stor grad på pasienten si eiga framstilling.<sup>20</sup>


## Avslutningsvis

Arbeidsliv er eitt av dei prioriterte satsingsområda for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Den norske velferdsstaten er i stor grad finansiert gjennom skatteinntekter frå arbeid. Høg sysselsetjing er ein føresetnad for å kunne halde oppe eit høgt nivå på offentlege tenester og overføringar i åra som kjem. Samstundes er det viktig for kvar enkelt å delta i arbeidslivet. Riksrevisjonen vil derfor følgje opp dei gjennomførte undersøkingane.

<sup>19</sup> Vi har undersøkt dei som fekk innvilga AAP og har fått dette i minst tolv månader i perioden 2015–2023. Til saman er dette 289 444 personar.

<sup>20</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2023), punkt 7.4.1.

Vi har òg ein pågåande forvaltningsrevisjon som handlar om det arbeidet styresmaktene gjer for å auke gjennomføringa av høgare utdanning og auke yrkesdeltakinga for personar med funksjonsnedsetjingar. Dette er ei viktig gruppe, og undersøkinga skal rapporterast til Stortinget våren 2027.





Forvaltningsrevisjonar – kva ser vi på tvers?

## Høge ambisjonar for digitalisering, resultatane uteblir

Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal bli det mest digitaliserte landet i verda, og at alle offentlege verksemdar skal bruke kunstig intelligens innan 2030. Undersøkingane til Riksrevisjonen viser at vi framleis har ein veg å gå i digitaliseringsarbeidet. Den nasjonale innsatsen for kunstig intelligens er fragmentert og ikkje i tråd med ambisjonane om ein infrastruktur i verdsklasse. Riksrevisjonen har ei viktig rolle i å følgje med på at forvaltninga digitaliserer og tek i bruk kunstig intelligens på ein etisk forsvarleg og ressurseffektiv måte.

### Innleiing

I tre nylege undersøkingar har Riksrevisjonen vist at Noreg enno ikkje har klart å realisere ambisjonane om ein effektiv og samanhengande digital offentlig sektor. Dette gjeld [Dokument 3:8 \(2023-2024\)](#) Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes tilrettelegging for deling og gjenbruk av data i forvaltningen, [Dokument 3:18 \(2023-2024\)](#) Riksrevisjonens undersøkelse av bruk av kunstig intelligens i staten og [Dokument 3:14 \(2024-2025\)](#) Riksrevisjonens undersøkelse av arbeidet til styresmaktene med samanhengande digitale tenester.

Temaa er strukturelt avhengige av kvarandre. Deling av data er ein føresetnad for samanhengande digitale tenester. Kunstig intelligens føreset deling av store datamengder og kan bidra til at offentlege tenester blir samanhengande.

Ambisjonane er høge. Men kvifor har resultatane late vente på seg? Og kva kan vi gjere med det?

### Offentleg sektor har mykje data som ikkje blir delte og gjenbrakte

Offentleg sektor sit på store datamengder som ikkje blir delte eller gjenbrakte systematisk. I undersøkinga av styresmaktene si tilrettelegging for deling og gjenbruk av data i forvaltninga i perioden 2021-2023 fann vi at mange ikkje registrerer data i *Felles datakatalog*. Felles datakatalog er den einaste felles staden der verksemdene som ønskjer å gjenbruke data, kan finne data som andre verksemdar deler. Nesten halvparten av verksemdene har datasett som ikkje er registrerte, men som burde ha vore delte. Vidare får over halvparten av verksemdene førespurnader om å dele data som ikkje er tilrettelagde for deling. Med data i denne undersøkinga meiner vi informasjon som kan overførast elektronisk frå ei offentlig verksemd til ei anna offentlig verksemd slik at verksemda kan bruke informasjonen i eigne system.<sup>21</sup>

Riksrevisjonen kunne ikkje fastslå kor store mengder data som blir delte mellom offentlege verksemdar, fordi det ikkje finst ei oversikt over kva data som blir delte, og i kor stor grad dei dataa som blir delte, blir gjenbrakte. Vi fann likevel mange døme på at data blir delte og gjenbrakte, men også at det er eit stort potensial for å dele meir data.

<sup>21</sup> [Dokument 3:8 \(2023-2024\)](#)

Ifølgje digitaliseringsrundskrivet<sup>22</sup> har det vore ei forventning om at verksemdene i offentleg sektor registrerer informasjon om datasetta sine i *Felles datakatalog*, som Digitaliseringsdirektoratet har ansvaret for. Dette skal verksemdene som eit minimum gjere når dei endrar eller etablerer tenester, til dømes ved å oppgradere eksisterande fagsystem eller digitale tenester. Dokumentasjon av kva data som finst, er ein føresetnad for å nå målet om meir deling og gjenbruk av data og samanhengande digitale tenester og for utviklinga av kunstig intelligens.

## Store barrierar for datadeling

Funna i dei tre rapportane underbyggjer at utfordringa ikkje ligg i fråvær av data, men i mangelfull tilrettelegging og struktur. Data blir for lite delte, og ofte først når nokon ber om det. Det finst ikkje tydelege insentiv som gjer datadeling til ein viktig nok del av oppgåvene for verksemdene. Samanhengande digitale tenester uteblir fordi desse ofte er avhengige av sanntidsutveksling av data, og kunstig intelligens held fram med å vere umoden fordi det manglar store datamengder av tilstrekkeleg god kvalitet.

I rapporten om kunstig intelligens fann vi at halvparten av verksemdene manglar data av god kvalitet, og at feil format og låg datakvalitet hindrar KI-utvikling. Det inneber at sjølv om staten har store datamengder, er ikkje nødvendigvis formatet på dataa tilpassa behovet. Sjølv om Statistisk sentralbyrå (SSB) har data som er relevante for Nav, kan det vere vanskeleg å få data som er detaljerte nok, og som er tilpassa behovet til Nav.<sup>23</sup>

## Verksemdene må rydde i eige hus

«Orden i eige hus» er eit viktig steg på vegen mot digital modnad. Mange verksemdar har

ikkje god nok oversikt over eigne data. I undersøkinga av deling og gjenbruk av data var det berre ein tredel av verksemdene som oppgav at dei i stor grad har tydelege beskrivingar av eigne data. Litt under halvparten svarte at dei har det «til ein viss grad».

Riksrevisjonen har påpeika at avgrensa tilgang på data av god kvalitet, ofte kopla med mangelfull infrastruktur og svake system for å handtere data, skaper utfordringar i arbeidet med kunstig intelligens. Fagdepartementa har eit sjølvstendig ansvar for å sikre god datakvalitet på ansvarsområda sine og for at opne data er av ein kvalitet som gjer at dei kan gjenbrukast av andre. Med tanke på at det er utfordringar med avgrensa tilgang på data av god kvalitet, har ikkje verksemdene i tilstrekkeleg grad følgd opp at krava til deling av data blir etterlevde. Det gjeld særleg kravet om «orden i eige hus». Dette har konsekvensar for offentleg sektor sitt høve til å utvikle og utnytte potensialet i kunstig intelligens.

Rapporten om samanhengande digitale tenester peikar òg på låg organisatorisk modnad. Det er enklare å gjennomføre tiltak i eigen sektor enn på område som krev endringar i grunnleggjande strukturar på tvers av sektorane. Vidare er det ein barriere mot samanhengande digitale tenester at verksemdar som gjenbruker data frå eit register i ei anna verksemd, må vere sikre på at eigen definisjon av omgrep samsvarer med det avsendaren har opplyst at omgrepet betyr. Til dømes viste Kultur- og likestillingsdepartementet til at det i samband med å etablere tilskudd.no har vore behov for å gjere eit større arbeid med å avklare omgrep som frivillig organisasjon og landsdekkjande organisasjon og å avklare kva ein medlem er, og kven som er barn og unge. Eintydige

<sup>22</sup> Kommunal- og distriktsdepartementet. (2022). *Digitaliseringsrundskrivet H-5/21*.

<sup>23</sup> Dokument 3:18 (2023–2024) *Bruk av kunstig intelligens i staten*.

definisjonar på tvers av sektorar kan òg krevje endringar i regelverk.

## Manglande juridiske avklaringar

Dei tre rapportane viser at juridiske, tekniske og teknologiske barrierar, i tillegg til manglande kapasitet og ressursar, er vesentlege utfordringar i arbeidet med digitalisering og kunstig intelligens.

Manglande juridiske avklaringar står fram som det største hinderet for deling av data og samanhengande digitale tenester. Hindringane er særleg knytte til personvernlovgivinga og EUs personvernforordning<sup>24</sup>. KI-rapporten viser at problemet slår ekstra hardt ut når prosjekta treng store, varierte og delte datamengder for trening, validering og kontinuerleg overvaking av KI-systema.

Kjernen i utfordringa er at verksemdene anten ikkje kan eller ikkje veit om dei kan dele data. Heimelsgrunnlaget og tolkinga av regelverket varierer, men KI-rapporten har vist at det er stor usikkerheit om behandlingsgrunnlaget i KI-prosjekt. Dette gjeld òg mellom verksemdar som blir styrte av same departement.

I undersøkinga av bruk av kunstig intelligens såg vi at Statens pensjonskasse (SPK) starta utviklinga av eit KI-system i 2021 med mål om å estimere pensjonsutbetalingar for å forhindre feilutbetalingar i etterlatnepensjon. SPK tok sjølv initiativ overfor Arbeids- og inkluderingsdepartementet til å få nødvendige heimlar på plass då EUs personvernforordning (GDPR) blei vedteken og teken inn i norsk lov i 2018. Det har vore ein stor fordel for satsinga på digitalisering og kunstig intelligens i SPK at heimelsgrunnlaget tidleg var på plass.

Nav er til liks med SPK underlagd Arbeids- og inkluderingsdepartementet. I motsetnad til SPK

fekk ikkje Nav avklart det rettslege grunnlaget for å behandle personopplysningar til utvikling av KI-system. Nav oppretta ei eiga eining for kunstig intelligens i 2017, og i 2021 deltok Nav i Datatilsynet si regulatoriske sandkasse. Prosessar med å utvikle KI-løysingar i Nav har stranda på grunn av uavklart rettsleg grunnlag for bruk av personopplysningar. Nav har etterlyst større grad av understøtting frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, medan Arbeids- og inkluderingsdepartementet meiner at Nav sjølv må avklare behovet for rettsleg grunnlag.

Bruk av data til andre formål enn dei blir samla inn for, kan krevje regelverksendringar. Erfaringa frå undersøkinga av kunstig intelligens viser at vurderingane kan vere ulike sjølv innanfor same departementsområde. Dømet med SPK viser at det finst eit handlingsrom, og at tidlege juridiske avklaringar fremjar digital utvikling.

Tidkrevjande prosessar er òg dokumentert gjennom undersøkinga av deling og gjenbruk av data. Eit døme er dei involverte etatane i samarbeidet om arbeidslivskriminalitet, som allereie ved oppstarten i 2015 etterlyste klare delingsheimlar. Først i 2022 kom a-kriminformasjonsforskrifta på plass. Då rapporten vår blei publisert i 2024, var det framleis ikkje avklart om etatane kan dele informasjon om enkeltpersonføretak.

Konsekvensen av usikkerheit og manglande avklaringar rundt det juridiske er at prosjekt stoppar opp eller blir forseinka. Sjølv om det går føre seg utviklingsprosjekt, uteblir gevinstane fordi dei digitale løysingane ikkje blir omfattande nok eller ikkje blir sette i drift eller vidareutvikla.

---

<sup>24</sup> General Data Protection Regulation (GDPR) er EUs personvernforordning.

## Både den juridiske og den teknologiske kompetansen er for svak

Mangel på teknologisk kompetanse er ei utfordring som går igjen i alle dei tre undersøkingane. Arbeidet med å beskrive og strukturere data krev dedikerte ressursar og dedikert kompetanse, noko mange verksemder ikkje har. Manglande kompetanse gjer det vanskeleg å etablere god informasjonsforvaltning og sørge for «orden i eige hus».

I undersøkinga av samanhengande digitale tenester etterlyste aktørane tilgang på teknologisk og juridisk kompetanse, både i eiga verksemd og i verksemdene som dei skulle samarbeide med. I arbeidet med livshendinga *Miste og finne jobb* opplyste Nav at dei i periodar mangla juristar, og at mangel på juridisk kompetanse førte til kapasitetsutfordringar. Dette blei stadfesta av Arbeids- og inkluderingsdepartementet, som viste til at regelverksutvikling tek tid, og at knappleik på juridiske ressursar fører til nokre forseinkingar i arbeidet med å utvikle arbeidsretta tiltak.

I tillegg må juristar og teknologar kunne snakke «same språk».

Digitaliseringsdirektoratet har påpeika at det kan vere krevjande å etablere eit godt samarbeid mellom teknologar og juristar, fordi gruppene har ulik omgrepsforståing og kan misforstå kvarandre.

I undersøkinga av kunstig intelligens er kompetanseutfordringane endå meir tydelege. Undersøkinga viste eit stort behov for kompetanse for å utvikle og bruke KI, både IT-fagleg og juridisk. Mange verksemder må leige inn eksterne konsulentar, og ein generell mangel på bestillarkompetanse aukar risikoen i KI-prosjekta. Verksemder som har lykkast med

kunstig intelligens, framhevar at ein viktig suksessfaktor er tverrfagleg samarbeid mellom utviklarar, analytikarar, fagfolk i linja og juristar.

## Styring og samordning fungerer ikkje godt nok

I alle dei tre undersøkingane har vi funne at styringa og samordninga er for svak. I arbeidet med samanhengande digitale tenester er styringa frå departementa ikkje tilfredsstillande. Sektorane prioriterer og bidreg ulikt, og prosjekt stoppar opp. Undersøkingane viser òg at det er utfordringar med å få finansiering for tiltak som går på tvers av sektorar, og som har gevinstar som er spreidde på ulike aktørar.

Kunstig intelligens er datakrevjande. Når datadeling internt i forvaltninga haltar, hemjar det direkte KI-utvikling og høvet til å realisere gevinstar gjennom samanhengande tenester. Den nasjonale innsatsen for kunstig intelligens er fragmentert og ikkje i tråd med ambisjonane om at Noreg skulle ha ein infrastruktur i verdensklasse, slik ein samla kommunal- og forvaltningskomité uttrykte at han var svært oppteken av at regjeringa skulle jobbe for.<sup>25</sup>



Løyvingsreglementet og reglementet for økonomistyring i staten føreset at departementa sikrar seg tilstrekkeleg styringsinformasjon. Informasjon er viktig for å kunne vurdere om det er behov for nye eller

<sup>25</sup> Innst. 191 S (2020-2021).

endra verkemiddel og tiltak for å nå måla. Dette inneber at kvart enkelt departement skal ta initiativ til dei regelendringane som er nødvendige for å oppnå gevinstar av digitalisering og kunstig intelligens.

Samstundes er det behov for ei meir effektiv styring på tvers av departementa som kan sørge for framdrift i den sektorovergripande digitaliseringa. Dette har òg vore etterlyst av Riksrevisjonen i tidlegare revisjonar.<sup>26</sup>

## Vegen vidare

Rapportane frå Riksrevisjonen informerer Stortinget og allmenta om forvaltninga gjer det som Stortinget har vedteke og føresett. Gjennom tre undersøkingar av digitalisering og kunstig intelligens har vi avdekt at resultatet ikkje har blitt som forventa, og gitt innspel til forbetringar. Vi opplever at vurderingane og tilrådingane våre har støtte både frå regjeringa og frå Stortinget.


Kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget har i behandlinga av dei tre rapportane slutta seg til dei konklusjonane som Riksrevisjonen har kome fram til.<sup>27</sup> Komiteen har òg slutta seg til tilrådingane våre om at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet må tydeleggjere dei andre departementa sitt ansvar for å prioritere og leggje til rette for deling og gjenbruk av data, og at departementet må ta ei tydeleg rolle for å koordinere og stille krav til deling og gjenbruk av data i offentleg sektor.<sup>28</sup>

Statsråden i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har i behandlinga av rapportane våre erkjent utfordringane og deler i hovudsak vurderingane til

Riksrevisjonen. Statsråden har òg vist til at regjeringa har høge ambisjonar, gjennom mellom anna digitaliseringsstrategien sin<sup>29</sup>. Noreg skal bli det mest digitaliserte landet i verda og har mellom anna sett som mål at alle offentlege verksemder skal bruke kunstig intelligens innan 2030.

Riksrevisjonen har gjennom *lov om Riksrevisjonen* ein unik tilgang til informasjon om forvaltninga. Gjennom analysane våre bidreg vi med ny kunnskap og tilrådingar som er baserte på solide faglege vurderingar. Slik bidreg vi til forbetringar i forvaltninga og ein opplyst offentleg debatt.

Det er svært høge forventningar til resultatane av både digitalisering og kunstig intelligens. Skal Noreg lykkast over tid, må utviklinga vere under demokratisk kontroll. Det krev ein riksrevisjon som kan følgje med på at forvaltninga digitaliserer og tek i bruk kunstig intelligens på ein etisk forsvarleg og ressurseffektiv måte. Dette er eit ansvar vi er innstilte på å ta i framtida òg.



<sup>26</sup>Riksrevisjonens undersøkelse av digitalisering i statlige virksomheter, s. 72  
<https://www.riksrevisjonen.no/globalassets/rapporter/no-2017-2018/digitalisering.pdf>

<sup>27</sup> Innst. 200 S (2023–2024), Innst. 81 S (2024–2025) og Innst. 50 S (2023–2024).

<sup>28</sup> I Innst. 200 S (2023–2024) blir det vist til Kommunal- og distriktsdepartementet. Ansvar for digitaliseringspolitikken blei overført til eit nyoppretta departement 1. januar 2024, Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

<sup>29</sup> [Fremtidens digitale Norge – nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030](#)



Forvaltningsrevisjonar – kva ser vi på tvers?

## ***Kraftig auke i løyvingar til forsvar og beredskap skaper eit større behov for kontroll***

Ei av dei mest grunnleggjande oppgåvene til staten er å sørge for at borgarane er trygge. Den geopolitiske situasjonen har gitt auka merksemd om forsvar, tryggleik og beredskap. Forsvaret har fått auka løyvingar gjennom ein ambisiøs langtidsplan, men også sivil beredskap skal styrkjast. Forsvar, tryggleik og beredskap er eit prioritert område for Riksrevisjonen.

Ny langtidsplan for Forsvaret tredde i kraft 1. januar i fjor. Bak planen stod eit samla storting. Ifølgje planen skal Noreg bruke 1 635 milliardar kroner på forsvar fram til 2036. Det er ein auke på 611 milliardar kroner i forhold til nivået på budsjettet då planen blei vedteken i 2024.

Knapt eit år inn i den nye planperioden ser regjeringa behov for ytterlegare aukar i løyvingane til Forsvaret og føreslår 31 milliardar kroner ekstra fram til 2030 og til saman 115 milliardar kroner meir fram til og med 2036. Regjeringa grunngir dette mellom anna med at alvoret har blitt større, og at verda har blitt meir uføreseieleg. Russland opererer no med ein krigsøkonomi. Etter at planen blei vedteken, har også medlemslanda i NATO blitt samde om å bruke 5 prosent av bruttonasjonalproduktet sitt på forsvarsrelaterte utgifter innan 2035. Minimum 3,5 prosent er forsvarsutgifter i samsvar med dagens definisjon, og inntil 1,5 prosent er forsvars- og tryggleiksrelaterte utgifter i sivil sektor. Nye kapabilitetsmål frå NATO inneber høgare krav til kva Noreg skal bidra med i alliansen. Marknaden for forsvarsmateriell er

og prega av kraftig prisvekst. Store og nødvendige anskaffingar har blitt dyrare.

Langtidsplanen byggjer mellom anna på Forsvarskommisjonen si utgreiing frå 2023. På bakgrunn av påviste svakheiter og dei store utfordringane framover meinte kommisjonen at kontrollfunksjonen til Stortinget blir viktigare, og at det er nødvendig med betre tilsyn og kontroll når ein skal bruke meir ressursar på forsvar. Forsvarskommisjonen peika på Riksrevisjonen etter å ha vurdert alternative tilsynsordningar. Riksrevisjonen har dei seinare åra gjennomført fleire revisjonar retta mot både Forsvaret og sivile beredskapsaktørar. Dette arbeidet vil halde fram også i åra som kjem.

## **Totalforsvaret – sivile aktørar veit ikkje kva dei skal førebu seg på**

Regjeringa har bestemt at 2026 skal vere totalforsvarsåret. Totalforsvaret er summen av Noregs militære forsvar og beredskapen i sivilsamfunnet. I ei tryggingsspolitisk krise eller i krig er begge avgjerande. Då er Forsvaret avhengig av god støtte frå sivile aktørar når det gjeld mellom anna helse, samferdsel og energi.

Noreg er på veg mot å styrkje totalforsvaret. Både totalberedskapsmeldinga, som Stortinget behandla i 2025, og langtidsplanen for forsvarssektoren inneheld viktige tiltak for å styrkje totalforsvaret.

Riksrevisjonen offentliggjorde før sommaren 2025 undersøkinga [Totalforsvaret i sikkerhetspolitisk krise og krig](#). Undersøkinga viser at dei sivile aktørane ikkje har god nok evne til å støtte Forsvaret og allierte styrkar og samstundes sikre at sivilsamfunnet fungerer. Forsvaret må kommunisere behova og prioriteringane sine tydelegare. Sivile aktørar seier at det er uklart kva Forsvaret vil trenge frå dei i ei krise eller ein krig. Kommunane i undersøkinga veit ikkje kva dei må førebu seg på.

Riksrevisjonen konkluderte med at sivile totalforsvarsaktørar på regionalt og lokalt nivå i liten grad planlegg for tryggingpolitisk krise og krig. At kommunane ikkje har ein oppdatert risiko- og sårbarheitsanalyse, er eit gjennomgåande avvik i tilsynet som statsforvaltarane fører med samfunnstryggleiksarbeidet til kommunane. Kommunar som manglar ein slik analyse, forklarar mangelen med at det har vore rekna som usannsynleg med krig i Noreg. Kommunane har derfor ikkje vurdert det som relevant å ta med eit scenario i den øvre delen av krisespekteret i risiko- og sårbarheitsanalysen.

Justisministeren opplyser i svarbrev til undersøkinga til Riksrevisjonen at Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har fått i oppdrag å utarbeide ein tverrsektoriell rettleiar for kva rolle og ansvar kommunane har under væpna konflikt, krigsfare og liknande forhold.

Ved behandlinga av undersøkinga gav kontroll- og konstitusjonskomiteen uttrykk for at det å sikre tryggleiken til borgarane er ei av dei mest grunnleggjande oppgåvene til staten, og at samfunnstryggleiks- og beredskapstiltak må prioriterast høgt i ei tid der den tryggingpolitiske situasjonen er endra og uføreseieleg.

## Manglar ved øvingar

Ein viktig del av Totalforsvarsåret 2026 er øvingar. Førebuingar for krise og krig må gjerast i fredstid. Beredskapsplanar må leggjast og øvingar gjennomførast. I tillegg er det viktig å evaluere og lære etter øvingar. Riksrevisjonen si undersøking av totalforsvaret viser at planar og øvingar i for liten grad førebur dei sivile aktørane i kommunar og regionar på å støtte militære behov. Manglar ved øvingar og evalueringar har vore eit tilbakevendande funn i fleire av revisjonane våre på beredskapsområdet.

- [I undersøkinga av Justis- og beredskapsdepartementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap frå 2015](#) peika Riksrevisjonen på at det den gongen ikkje blei gjennomført ei systematisk evaluering og oppfølging etter øvingar og hendingar. [Ei oppfølging av denne revisjonen i 2017](#) viste at evalueringar og oppfølging etter øvingar og hendingar blei gjennomførte meir systematisk, men at det var utfordringar med å følgje opp tiltak på tvers av sektorar. Mellom anna blei det ikkje følgt opp kva aktørar som skulle ha ansvar for å rette opp forbetningspunkt frå øvingane.
- I [undersøkinga av Noregs vassdrags- og energidirektorat \(NVE\) sitt arbeid med IKT-tryggleik i kraftforsyninga](#) i 2021 meinte Riksrevisjonen det var kritikkverdig at beredskapsorganisasjonen i NVE ikkje hadde fått trent nok på å handtere IKT-angrep mot kraftforsyninga. Då revisjonen blei følgd opp i 2024, merka Riksrevisjonen seg at arbeidet med å handtere IKT-angrep gjennom øvingar var blitt styrkt.
- [Undersøkinga av styresmaktene si samordning av arbeidet med digital tryggleik i sivil sektor](#) frå 2023 viste at scenario som handlar om digital tryggleik, ofte blei nedprioriterte når ein

gjennomførte øvingar. Dette gjaldt særleg i kommunane. Det blei i undersøkinga peika på behov for meir øving i tverrsektoriell handtering av hendingar på sentralt nivå, noko også fleire sentrale aktørar innanfor det digitale tryggingssområdet hadde etterlyst. Ei oppfølging av denne undersøkinga kjem til å bli gjennomført i år og rapportert til Stortinget i løpet av hausten.

- I undersøkinga [Sikring av havneanlegg for å trygge samfunnssikkerheten](#), som blei offentleggjort saman med totalforsvarsundersøkinga i fjor, kom det fram at norske hamner ikkje gjennomfører nok øvingar i å handtere tilsikta uønskte hendingar.

## Manglande moglegheiter for gradert kommunikasjon

Beredskapsarbeidet og krisehandteringa til regjeringa og departementa byggjer på fire grunnleggjande prinsipp. Eit av desse er samvirkeprinsippet, som betyr at styresmakter, verksemder og etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering. Ein føresetnad for godt samvirke er moglegheiter for deling av relevant informasjon. 22. juli-kommisjonen tilrådde i 2012 etablering av gradert samband og rutinar for rask informasjonsflyt mellom departementa og dei underliggjande etatane under kriser. Manglande moglegheiter til å kommunisere via tryggleiksgraderte løysingar blei òg peika på som eit hinder for effektiv hendingshandtering av digitalt sårbarheitsutval (Lysneutvalet) i 2015.

Manglande moglegheiter for gradert kommunikasjon mellom beredskapsaktørar er omtalt i Riksrevisjonen si

oppfølgingsundersøking av Justis- og beredskapsdepartementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i 2017 og undersøkinga av styresmaktene si samordning av arbeidet med digital tryggleik i sivil sektor i 2023.

I Riksrevisjonen si undersøking av totalforsvaret blei det peika på at mangel på graderte informasjonssystem gjer at kommunar i militærstrategisk viktige område ikkje er i stand til å få informasjon om kva Forsvaret treng av sivil støtte, og kva Forsvaret planlegg for i den aktuelle kommunen. Riksrevisjonen meiner det er avgjerande at relevant underlagsinformasjon i større grad blir gjort tilgjengeleg for beredskapsarbeidet til kommunane, anten ved utvida tilgang til graderte kommunikasjonsløysingar eller ved at særleg Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Forsvaret på ein eigna måte får kommunisert analysane og behova sine ugradert til kommunane.



Statens graderte plattformtenester (SGP) blei etablert 1. januar 2025 som ei verksemd under Forsvarsdepartementet for å utvikle og levere nasjonale fellestenester som legg til rette for sikker, gradert digital samhandling mellom verksemder som er underlagde *lov om nasjonal sikkerhet* (tryggingsslova). I årsrapporten til SGP for 2025, som nyleg blei lagd fram, kjem det fram at brukardekninga er låg for kommunar og fylkeskommunar, og at stram kommuneøkonomi blir opplevd som ei utfordring.

## Vedvarande manglar i digital tryggleik

Riksrevisjonen si prioritering av tryggleik og beredskap inkluderer digital tryggleik.

Nasjonalt tryggingorgan viser i risikovurderinga for 2026 til at cyberoperasjonar framleis rammar breitt. Både små og store verksemdar på tvers av ulike sektorar må vere førebudde på å handtere hendingar i cyberdomenet.

Riksrevisjonen har sett på både styresmaktene si samordning av arbeidet med digital tryggleik og den digitale tryggleiken i ei rekkje sektorar og verksemdar.

Vi har mellom anna peika på svakheiter ved den digitale tryggleiken i Forsvaret, politiet, kraftforsyninga og helsevesenet. Dette er område med stor betydning for tryggleik og beredskap.

Riksrevisjonen har gjennom fleire revisjonar over ein periode på 20 år rapportert om mangelfull varetaking av digital tryggleik i politiet. I same periode har digitaliseringa og cybertrusselen auka. I 2018 gjennomførte Riksrevisjonen ei undersøking som viste at politiet ikkje arbeidde systematisk med å planleggje og følgje opp informasjonstryggleiken, og at ei kompleks organisering og fragmenterte ansvarsforhold gjorde arbeidet vanskeleg. Det var gjennomført fleire tiltak for å verne og overvake IKT-systema til etaten, men det var framleis vesentlege svakheiter i systema. I samband med oppfølginga av revisjonen allereie året etter viste Justis- og beredskapsdepartementet til at politietaten arbeidde med å gjennomføre ein femårig plan for å etablere ei systematisk tilnærming til digital tryggleik, og at planen på det tidspunktet var i rute. Planen omfatta tiltak for å førebyggje og avdekkje dataangrep, tiltak for å

vidareutvikle IKT-styringsmodellen og meir kostbare forbetringar i IKT-infrastrukturen til etaten. Tiltaka skulle innan 2024 bidra til varige løysingar på risiko som hadde blitt påpeika av Riksrevisjonen.

Riksrevisjonen gjennomførte ei ny oppfølging av arbeidet med digital tryggleik i politiet i 2025. Undersøkinga viste at Justis- og beredskapsdepartementet og Politidirektoratet hadde sett i verk tiltak for å følgje opp Riksrevisjonen sine funn og tilrådingar i den opphavlege revisjonen, men det var framleis svakheiter i tryggingarbeidet og i tiltak for å verne og overvake IT-løysingane til politiet. Riksrevisjonen konstaterte eit stort behov for å intensivere arbeidet med digital tryggleik i politiet og meinte det var kritikkverdig at Justis- og beredskapsdepartementet og Politidirektoratet ikkje hadde kome lenger i arbeidet med å vareta forsvarleg digital tryggleik i politi- og lensmannsetaten, trass i at utfordringane i etaten på området hadde vore kjende og påpeika over tid.

Det er nokre gjennomgåande observasjonar i fleire av undersøkingane våre av digital tryggleik. For det første: Tryggingnivået i forvaltninga er for lågt. Enkle, grunnleggjande tryggingstiltak er ikkje gjennomførte. Døme på dette er tilgangskontrollar, tryggingssoppdateringar og kontroll med einingar og programvare. Vi ser òg ei manglande evne til å oppdage tryggleikshendingar gjennom logging og overvaking. Den andre utfordringa som går igjen, handlar om leiing. Leiinga manglar oversikt over kva verdiar som må vernast. Risikovurderingar og tryggingstiltak er ofte uklare. Det manglar også evaluering av digital tryggleik og rapportering av status for tryggingstilstanden til leiinga. Sist, men ikkje minst er teknisk gjeld ei gjennomgåande utfordring. Avgrensa moglegheiter til å vareta tryggleik i gamle system føreset at det blir

utvikla nye løysingar. Men det tek tid, krev kompetanse og kostar pengar. I undersøkinga om oppfølging av digital tryggleik i politiet presiserer Justis- og beredskapsdepartementet at det er viktig at politiet lykkast med den heilskaplege digitaliseringa for å kunne vareta tryggleiken godt nok, og at digitaliseringa i politiet blir gjord vanskeleg av eit stort etterslep i utfasinga av eldre IKT-system, der mange løft må takast samstundes.

## Eit nytt og meir alvorleg trusselbilette - risiko for sabotasje

Ein ny geopolitisk situasjon gjer at vi må ta inn over oss eit nytt og vesentleg meir alvorleg trusselbilette. PST skriv i den årlege trusselvurderinga si at russisk etterretning kan sjå seg tent med å utføre sabotasjeaksjonar mot mål i Noreg i 2026.

Trusselen om sabotasje mot mål i Noreg rettar seg mot objekt og infrastruktur. Riksrevisjonen gjennomfører derfor no ei undersøking som ser på om objekt og infrastruktur som støttar opp under grunnleggjande nasjonale funksjonar og nasjonale tryggingsinteresser, blir verna mot tryggleikstruande verksemd. Undersøkinga kjem til å vere klar ved årsskiftet. Riksrevisjonen gjennomførte ein revisjon av objektsikringa til politiet og Forsvaret i 2015, og revisjonen blei følgd opp i 2018. Revisjonane viste at Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet ikkje i nødvendig grad hadde sørgt for at grunnsikringa av skjermingsverdige objekt i politiet og Forsvaret var i samsvar med tryggingslova og Stortinget sine føresetnader. Denne nye revisjonen vil som følgje av endringar i risikobiletet omfatte fleire departementsområde i sivil sektor med

ansvar for objekt og infrastruktur med betydning for nasjonal tryggleik.

## Forvaltningsrevisjon av Politiets tryggingsteneste

Politiets tryggingsteneste (PST) skal handtere dei mest alvorlege truslane mot landet vårt. Riksrevisjonen offentleggjorde hausten 2025 ein revisjon av ressursbruk og effektivitet i PST.

PST er underlagd omfattande kontroll frå Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingstenestene (EOS-utvalet). Formålet med kontrollen EOS-utvalet utfører, er først og fremst å sjå til at EOS-tenestene varetek rettstryggleiken og personvernet til enkeltpersonar. Utvalet har ikkje mandat til å uttale seg om kor effektive tenestene er, eller korleis dei prioriterer ressursar eller liknande. Revisjon av effektiviteten til statlege verksemdar ligg innanfor mandatet for forvaltningsrevisjon. Riksrevisjonen har ansvar for den årlege finansielle revisjonen av PST. Det er likevel første gong Riksrevisjonen gjennomfører ein forvaltningsrevisjon av PST.

PST er både ei etterretningsteneste, ei tryggingsteneste og ei polititeneste, direkte underlagd Justis- og beredskapsdepartementet. Hovudoppgåvene kan delast inn i kontraetterretning, kontraterror og vern av myndigheitspersonar. Andre oppgåver er å førebyggje, avdekkje og etterforske brot på reglane om eksportkontroll og ikkje-spreiing av komponentar for masseødeleggingsvåpen.

Målet med undersøkinga var å vurdere i kva grad PST har ein organisasjon og ein ressursbruk som er målretta og effektiv nok til at PST kan utføre oppgåvene sine som innanlands etterretnings- og tryggingsteneste med dagens trusselbilette.

PST har i fredstid hovudansvaret for å handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i landet og mot grunnleggjande nasjonale interesser. I ei tryggingpolitisk meir krevjande tid, der trusselbiletet er og har vore i rask endring, er det høgt trykk på alle oppgåvene til PST samstundes.

Det er fleire forhold som peikar i retning av at organisasjonen og ressursbruken til PST ikkje er tilstrekkeleg målretta og effektiv til at PST kan utføre oppgåvene sine som innanlands etterretnings- og tryggingsteneste med dagens trusselbilete. Dette kan ha negative konsekvensar.

Sjølv om PST har rapportert om gap mellom truslar og PST sin kapasitet og dessutan høg risiko på fleire sentrale kjerneoppgåver, har Justis- og beredskapsdepartementet ikkje i tilstrekkeleg grad følgt opp rapporterte utfordringar.

Riksrevisjonen nytta den sterkaste kritikken, sterkt kritikkverdig, då vi slo fast at Justis- og beredskapsdepartementet ikkje har bidrege tilstrekkeleg til at PST har nødvendige verkemiddel til å fylla rolla som innanlands etterretnings- og tryggingsteneste, gitt endringane i trusselsituasjonen i dei seinare åra. Som riksrevisoren sa under presentasjonen av undersøkinga: «Vi treng eit PST som har nok ressursar til å møte dagens trusselbilete.»

I revisjonen av PST var mykje av informasjonen som blei behandla, gradert. Rapporten til Stortinget var derfor òg gradert. I dialog med Justis- og beredskapsdepartementet blei det òg utarbeidd ein ugradert versjon, som er gjord så fullstendig som mogleg utan å bryte med reglane i tryggingsslova. Ved å utarbeide ein ugradert versjon bidreg Riksrevisjonen til eit offentleg ordskifte om ein viktig samfunnsinstitusjon.


## Revisjon av Nansen-programmet til Ukraina

Russlands angrepskrig i Ukraina, som har gått føre seg sidan 2022, har betydning for den nasjonale tryggleiken vår òg. Nansen-programmet er eit fleirårig støtteprogram for Ukraina med tverrpolitisk forankring på Stortinget. Programmet har no ei ramme på 274,5 milliardar kroner for perioden 2023–2030. Nansen-programmet for Ukraina inkluderer både militær og sivil støtte.

Riksrevisjonen offentleggjer denne våren fire revisjonar av både sivil og militær støtte under Nansen-programmet.

Noreg gir i 2026 15 milliardar kroner i sivil og humanitær støtte til Ukraina og Moldova gjennom Nansen-programmet. Energitryggleik, driftsstøtte til ukrainske styresmakter, humanitær bistand og støtte til næringsutvikling er dei viktigaste prioriteringane for den sivile støtta som Noreg gir til Ukraina. I den eine revisjonen av sivil støtte har vi vurdert om støtta er til hjelp for Ukraina og avhjelper konsekvensane av krigen i tråd med Stortinget sine vedtak og føresetnader. Den andre revisjonen har som formål å vurdere om Norad følgjer opp og kontrollerer tilskotsmottakarane i tråd med økonomireglane og eigne kontrollrutinar.

Den militære støtta skjer gjennom donasjonar frå forsvarssektoren, tilskot til internasjonale mekanismar og enkelttiltak, anskaffingar frå industrien og trening og opplæring av ukrainsk personell. Noreg gir i 2026 70 milliardar i militær støtte. I den eine revisjonen av militær støtte har vi vurdert om støtta til Ukraina har kome raskt fram, og om støtta blir gitt i tråd med ukrainske behov. I den andre revisjonen har vi vurdert om internkontrollen og systema for oppfølging og kontroll av tilskotsmidlane til militær støtte i Nansen-programmet er på plass.





Forvaltningsrevisjonar – kva ser vi på tvers?

## Gjennomgåande utfordringar i klimaarbeidet til staten

Stortinget har gjennom behandlinga av *lov om klimamål* vedteke at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 med ein utsleppsreduksjon på 90–95 prosent samanlikna med utsleppsni vået i 1990. Det har òg vedteke mål om å redusere utsleppa med minst 55 prosent innan 2030 og 70–75 prosent innan 2035.<sup>30</sup> Måla for 2030 og 2035 er melde inn til FN under Parisavtalen.<sup>31</sup>

I 2024 var utsleppsni vået i Noreg 13 prosent lågare enn i 1990.<sup>32</sup> Planen for å oppfylle klimamålet for 2030 tek utgangspunkt i at Noreg deltek og oppfyller forpliktingane sine i EUs tre klimaregelverk: klimavotesystemet, innsatsfordelinga og skog- og arealbruksregelverket. Dersom det skulle vere nødvendig for å oppfylle målet, vil Noreg òg kjøpe utsleppsreduksjonar frå land utanfor EU/EØS-området og nytte dei i måloppnåinga for Parisavtalen.<sup>33</sup>

*Omstillingane i samfunnet for å møte klimautfordringane* har sidan 2022 vore eitt av Riksrevisjonens seks satsingsområde innanfor forvaltningsrevisjon. Denne artikkelen byggjer på fem forvaltningsrevisjonsrapportar som blei lagde fram i perioden 2021–2026. Rapportane handlar om [overordna styring og samordning av klimapolitikken, styresmaktene sin innsats innanfor klimatilpassing, klimagassreduksjon i jordbruket, kapasiteten i straumnett](#) og [klimaeffektar av arealbruksendringar](#).

Rapportane teiknar eit samstemt bilete av gjennomgåande strukturelle utfordringar i klimaarbeidet. Trass i ulik tematisk innretning peikar rapportane i same retning: Ambisjonane

er høge og velkjende, men gjennomføringa er for svak, styringa for lite konkret og samordninga for lite forpliktande.

### Ei tverrsektoriell utfordring som blir styrt sektorvis

Klimaendringane blir rekna som ei av dei største sektorovergripande samfunnsutfordringane i vår tid. Klima- og miljødepartementet har hovudansvaret for å vareta heilskapen i klima- og miljøpolitikken til regjeringa. Departementet skal utvikle og gjennomføre eigne tiltak og vere ein pådrivar overfor ulike sektorstyresmakter. Alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å ta omsyn til miljøet i aktivitetane sine og medverke til å nå dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla. Ansvar for å utvikle og gjennomføre mange av dei viktigaste politiske grepa for å få utsleppa ned ligg hos andre departement enn Klima- og miljødepartementet. Sektorprinsippet gjer at Klima- og miljødepartementet i utgangspunktet ikkje har noko mynde overfor sektordepartementa.

Regjeringa innførte i 2023 eit klimastyringssystem som munnar ut i den årlege *Regjeringas klimastatus og -plan*. Dokumentet blir lagt ved Klima- og miljødepartementet sin budsjettproposisjon til Stortinget. Undersøkinga av styresmaktene si styring og samordning for å nå klimamåla viste at styringssystemet bidreg til føreseielegheit og samarbeid. Departementa gir innspel til klimapolitikken, samordna med milepælane i

<sup>30</sup> [Lov om klimamål \(klimalova\) - Lovdata](#).

<sup>31</sup> [Norge har meldt inn sitt nye klimamål til FN - regjeringa.no](#)

<sup>32</sup> [Klimagassene 13 prosent lavere enn i 1990 - SSB](#)

<sup>33</sup> [Regjeringens klimastatus og -plan for 2026](#), s. 10 og 12.

den årlege budsjettprosessen. Samarbeidet mellom departementa er omfattande og går føre seg på mange nivå. Som eit ledd for å oppnå ei samordning på høgaste nivå etablerte departementsrådana ein eigen arena for samordning gjennom *kjernegruppa for klima og grøn omstilling*. Rapporten viste at det tok to år før kjernegruppa klarte å kome fram til ein strategi for korleis dei skulle samordne seg. Rapporten viste òg at det var krevjande å få til ei god framdrift i arbeidet med klima, mellom anna fordi framdrifta er avhengig av at dei ansvarlege departementa utviklar verkemiddel innanfor sektorområda sine, noko som skjer i ulik grad.

Også undersøkinga av reduksjon av klimagassutsleppa i jordbruket viste utfordringar med samordninga. Jordbruksnæringa og staten har inngått ein klimaavtale om å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket med 5 millionar tonn fram mot 2030. Tiltak om kosthaldsendringar og reduksjon av matsvinn utgjer store delar av avtalen. Men Helse- og omsorgsdepartementet, som har ansvaret for kostråda, jobbar ut frå eit folkehelseperspektiv, ikkje eit klima- eller landbruksperspektiv. Departementet var heller ikkje involvert i Landbruks- og matdepartementet sitt førebuaende arbeid med klimaavtalen.

## Stortinget har vedteke ambisiøse mål, men desse er i liten grad konkretiserte for enkeltsektorane

Manglande konkretisering av klimamåla er ei svakheit som går igjen i fleire av undersøkingane. Då Stortinget vedtok dei nasjonale klimamåla gjennom den nye klimalova i 2017, blei det ikkje innført sektorvise delmål. Grunngevinga er at dette sikrar ein fleksibilitet til å setje i verk dei mest

kostnadseffektive verkemidla uavhengig av sektorområde. Risikoen ved ein slik modell er at kvart enkelt departement får svakare eigarskap til klimamåla.



Undersøkinga av styresmaktene si styring og samordning for å nå klimamåla viste at kvart enkelt sektordepartement stilte få konkrete krav til underliggjande etatar i instruksar og tildelingsbrev om korleis dei skulle jobbe med å redusere klimagassutsleppa innanfor ansvarsområda sine. Klimaarbeidet i verksemdene handlar ifølgje tildelingsbreva i stor grad om at direktorata skal leggje til rette for, rapportere og utarbeide analysar på klimaområdet.

Problemet med fråvær av klare styringssignal for dei nasjonale klimamåla kjem òg fram i undersøkinga av kapasiteten i straumnett. Undersøkinga viste at manglande nettkapasitet bremsar omstillinga til lågutsleppssamfunnet, trass i at Stortinget har slutta seg til at energipolitikken skal vere ambisiøs og bidra til at Noreg blir eit leiande land i omstillinga. Energidepartementet har ikkje gjort nokon endringar i rammeverket for styringa av Statnett og NVE som følgje av målet om grøn omstilling. Energidepartementet har ikkje etterspurt rapportering om saksbehandlingstid eller sett fristar for arbeidet til NVE eller Statnett, sjølv om behovet for raskare planleggings- og konsesjonsprosessar har vore kjent lenge.

## Styresmaktene bruker lang tid på å etablere viktige verkemiddel

Fleire av undersøkingane viste at utvikling av verkemiddel tek lang tid. Undersøkinga av styresmaktene si styring og samordning for å nå klimamåla peika på at det var ei svakheit at regjeringa mangla ein tidsplan for det vidare arbeidet med å utvikle verkemiddel.

Tiltak retta mot lagring og bruk av gjødsel innanfor jordbruket har vore løfta fram som eit klimatiltak over lang tid, og gjødselregelverket var under revidering heilt frå 2009 fram til 2025. Undersøkinga av reduksjon av klimagassar i jordbruket viste at Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Mattilsynet leverte eit forslag til ny forskrift i 2018, og at dette potensielt kunne ha bidrege til å redusere klimagassutslepp over lengre tid.

Eit anna viktig tiltak er å redusere matsvinn, og Stortinget har sidan 2016 bede regjeringa om å utarbeide ei *matkastelov*. *Lov om forebygging og reduksjon av matsvinn* blei vedteken 20. juni 2025, men føreset utfyllande forskrifter før ho kan takast i bruk. Dette regelverket er forventa å bli ferdigstilt i løpet av 2026.<sup>34</sup>

Utslepp frå byggje- og anleggsplassar utgjorde om lag to millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2022 og er dermed ei vesentleg kjelde til utslepp av klimagassar, ifølgje undersøkinga av styresmaktene si styring og samordning for å nå klimamåla. Utgreiingar av verkemiddel for å redusere klimagassutslepp frå denne sektoren blei sette i gang hausten 2020. Først i mars 2023 kunngjorde regjeringa at ho planla å sende på høyring eit forslag om å gi kommunane høve til å stille klimakrav til

byggje- og anleggsplassar etter forureiningslovgivinga. Ei forskrift om dette kom på plass 3. april 2025.<sup>35</sup>

## Manglande strategiar svekkjer departementa sitt arbeid med klima

Fleire departement har sett ambisiøse mål for å bidra til reduksjon av klimagassutslepp og til omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Transportsektoren har til dømes som mål å redusere utsleppa med 50 prosent innan 2030.

Undersøkinga av styresmaktene si styring og samordning for å nå klimamåla peika på at sjølv om det var sett sektorvise ambisjonar for å redusere klimagassutslepp, mangla det strategiar for kvar enkelt sektor som gjer det tydeleg korleis sektoren kan bidra til utsleppsreduksjonar. Riksrevisjonen vurderte det slik at mangelen på slike strategiar kan bidra til å svekkje den opplevde forpliktinga til departementa, noko som igjen kan bidra til at klimaarbeidet i departementa og i dei underliggjande verksemdene ikkje blir tilstrekkeleg konkret retta mot verkemiddel og tiltak som fører til nødvendige utsleppsreduksjonar.

Undersøkinga av kapasiteten i straumnettet viste at mange aktørar i bransjen, både nettselskap, kommunar og industriaktørar, etterlyser ein konkret og langsiktig plan som ser utviklinga av straumnettet i samanheng med utviklinga av straumforbruk og -produksjon og med ulike politiske mål. Riksrevisjonen vurderte det slik at Energidepartementet ikkje har sørgt for ei samordna og heilskapleg styring av nettutviklinga som varetek nærings-, natur- og klimamål. Dette kan forseinke omstillinga til

<sup>34</sup> [Forskrifter til ny lov om forebygging og reduksjon av matsvinn \(matsvinnloven\) | Mattilsynet](#)

<sup>35</sup> [Forskrift om å begrense utslipp fra bygge- og anleggsplasser - Lovdata](#)

lågutsleppssamfunnet og var etter Riksrevisjonen si vurdering kritikkverdig.

Undersøkinga av reduksjon av klimagassar i jordbruket viste openberre målkonfliktar mellom klimamålet og andre mål innanfor jordbrukssektoren som gjorde det vanskeleg å få til utsleppskutt. Dette innebar etter Riksrevisjonen si vurdering eit behov for å tydeleggjere vegval og korleis måla skal nåast. Undersøkinga viste at Landbruks- og matdepartementet ikkje hadde utarbeidd ein eigen strategi eller plan for å redusere utsleppa av klimagassar frå jordbrukssektoren.

Undersøkinga av tilpassing av infrastruktur og bygningsmasse til et klima i endring viste at det fanst arenaer for møte og utveksling av informasjon mellom departementa, men at det mangla ein tverrsektoriell strategi eller plan for korleis den samla innsatsen skulle bidra til at Noreg når mål på området. Etter at undersøkinga blei gjennomført, har Klima- og miljødepartementet lagt fram ein nasjonal plan for klimatilpassing for perioden 2024–2029 i Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn*.

## **Mangelfull kartlegging gir avgjerdstakarar eit svakt kunnskapsgrunnlag på viktige område**

Skog og arealbruk spelar ei viktig rolle for klimaet og fører til både utslepp og opptak av klimagassar.<sup>36</sup> Undersøkinga av kartlegging av naturverdiar og klimaeffektar ved arealbruksendringar viser at når skog, myr og jordbruksareal blir bygde ned, får naturen svekt evne til å binde og lagre CO<sub>2</sub>. Det bidreg til auka klimagassutslepp og går ut over klimatenestene i naturen. Det berekna utsleppet frå jord og vegetasjon som følgje av

ny bygningsmasse var om lag 1,9 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per år i perioden 1990–2019.

Kommunane, som har ansvaret for å vedta korleis areal skal brukast innanfor kommunane sitt geografiske område, har likevel lite kunnskap om klimagassutslepp ved arealbruksendringar. Undersøkinga viser at over 60 prosent av kommunane ikkje har oversikt over kva for nokre areal som er karbonrike. Fleire kommunar har klimaplanar, men mange av dei er eldre og handlar i liten grad om samanhengen mellom karbon og arealplanlegging. Planane kan ha mål om å ta vare på karbonrike område, men dei færreste legg opp til å skaffe betre oversikt over slike areal. Miljødirektoratet trekkjer òg fram utfordringar med manglande kapasitet og kompetanse i kommunane.

*Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes tilpasning av infrastruktur og bebyggelse til et klima i endring* viste at mangelfull kartlegging av naturfare var ei sentral svakheit i arbeidet med klimatilpassing og samfunnstryggleik. Både statlege og kommunale kartleggingar gav eit utilstrekkeleg bilete av kvar risikoen var størst, særleg sett i lys av framtidige klimaendringar. Riksrevisjonen viste til at når kritiske område ikkje er godt nok kartlagde, aukar risikoen for at utbygging skjer i område med høg naturfare. Mangelfull kartlegging bidreg òg til at sentrale departement manglar eit godt nok informasjonsgrunnlag for å vurdere status og behov innan klimatilpassing.


Riksrevisjonen tilrådde Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet å vurdere tiltak som kunne bidra til betre kartlegging av naturfare

<sup>36</sup> [Norske utslipp og opptak av klimagasser – miljødirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/utslipp-og-opptak-av-klimagasser)

både i statleg og i kommunal regi. Det var òg ei tilråding at kartleggingane i større grad skulle ta høgd for dei framtidige klimaendringane. Riksrevisjonen følgde opp undersøkinga i 2025. Oppfølginga viser at det er sett i gang mykje arbeid for å forbetre kartleggingane, men at forbetringane ikkje er tilstrekkelege. Riksrevisjonen vil derfor følgje opp denne tilrådinga på nytt.

## Eit samla hovudbilete

Sett under eitt teiknar dei fem rapportane eit konsistent bilete: Klimaambisjonane er høge og godt kjende, men gjennomføringa blir hemja av manglande konkretisering, svak samordning og utilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag.





Revisjon av disposisjonane – kva ser vi på tvers?

## Stor innkjøpsmakt, stort ansvar

Kvart år kjøper offentleg sektor varer og tenester for meir enn 800 milliardar kroner. Staten står for ein stor del av dette.<sup>37</sup> Det gir stor innkjøpsmakt og eit stort ansvar for å følgje dei reglane som gjeld. Men fleire gonger ser vi at ulike verksemder gjer same type feil.

Når vi reviderer anskaffingar, ser vi at dei same feila gjentek seg. Det er for dårleg oppfølging og kontroll av rammeavtar, og viktig dokumentasjon manglar.

Konsekvensen kan vere at leverandørar ikkje får høve til å konkurrere om kontraktar, eller at dei avgjer om dei ønskjer å delta i konkurransen, på feil grunnlag. Manglar eller feil i konkurransane kan òg føre til at staten får færre og dårlegare tilbod enn dei kunne fått, noko som igjen inneber at pengane ikkje blir brukte på best mogleg måte for samfunnet.

Riksrevisjonen har òg i tidlegare revisjonar sett at det er fare for sosial dumping i statlege anskaffingar, og at offentleg sektor ikkje bruker innkjøpsmakta til å redusere klimautslepp.

### Faktaboks 1 Anskaffingsreglane

Offentlege kjøp av varer og tenester er regulerte i anskaffingslova og fleire tilhøyrande forskrifter. Formålet med dette regelverket er å fremje effektiv bruk av ressursane i samfunnet og å bidra til at det offentlege opptre med integritet, slik at allmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg måte.<sup>38</sup>

Effektiv ressursbruk handlar om å bruke ressursane i samfunnet på best mogleg måte, medan å opptre med integritet skal bidra til å forhindre korrupsjon og kameraderi i offentleg sektor. Derfor skal anskaffingar gjennomførast etter dei grunnleggjande prinsippa konkurranse, likebehandling, føreseielege forhold, etterprøvbarheit og proporsjonalitet.

*Kjelde: Lov om offentlige anskaffelser og DFØ.*

## Anskaffingar – eit prioritert revisjonsområde

Som ein del av Riksrevisjonen sin revisjon av disposisjonar kontrollerer vi om statlege verksemder følgjer anskaffingsreglane.

I 2025 undersøkte vi mellom anna habilitet i Statsbygg sine anskaffingar, anskaffingar i politiet og DSS sin rammeavtale om IKT-konsulentar. I mange av desse undersøkingane og tidlegare års undersøkingar ser vi at dei same funna går igjen.

<sup>37</sup> [Utgifter til offentlege innkjøp | DFØ](#)

<sup>38</sup>  *Lov om offentlige anskaffelser § 1 Formål.*

## Følgjer ikkje opp rammeavtalar

Fleire verksemder har for dårleg oppfølging av og kontroll med at dei held seg innanfor avtaleperioden og den spesifiserte verdien når dei gjer innkjøp i samband med rammeavtalar. I fleire undersøkingar ser vi at verksemder har gjort avrop på rammeavtalar som har gått ut, eller at alle avropa til saman overstig verdien som blei kunngjord, og som det dermed har vore konkurranse om. Kjøp utover desse grensene må vurderast kvar for seg og i samanheng opp mot anskaffingsreglane. Er kjøpa vesentlege nok, kan konsekvensen i verste fall vere at kjøpa er ulovlege direkteanskaffingar.

For å unngå å bryte anskaffingsreglane er det derfor svært viktig at verksemdene veit kva rammeavtalar som er gyldige, kva varer eller tenester dei dekkjer, og kor mykje som er kjøpt samanlikna med den kunngjorde verdien på avtalen. Dersom det i konkurransen blir oppgitt ein vesentleg lågare verdi på rammeavtalen enn det som faktisk blir forbrukt i samband med avtalen, kan det vere at leverandørar som valde å ikkje delta i konkurransen, tok avgjerda på feil grunnlag.

### Faktaboks 2 Rammeavtalar

Ein rammeavtale er ein avtale mellom to eller fleire partar som fastset kva kontraktsvilkår som gjeld for dei kontraktane som skal inngåast i løpet av perioden som rammeavtalen varer.

Kontraktsvilkår handlar mellom anna om kva og kor mykje som skal leverast, og til kva pris.

Konkurransen om å vinne rammeavtalen dreier seg i realiteten om retten til å få levere dei varene eller tenestene

rammeavtalen omfattar, i heile den perioden rammeavtalen varer.

Kjelde: [anskaffelser.no](https://anskaffelser.no/Rammeavtalar) [Rammeavtalar](https://anskaffelser.no) | [Anskaffelser.no](https://anskaffelser.no)

## Svak internkontroll

Dårleg oppfølging og kontroll kan kome av at verksemdene rett og slett ikkje har etablert ein internkontroll som er tilpassa risiko og vesentlegheit slik at kontrollen faktisk er eigna til å forhindre feil og manglar.

Eit døme på dette er oppfølging av det totale forbruket på rammeavtalar som blir brukte av fleire verksemder. Både i undersøkinga av DSS sin rammeavtale om IKT-konsulenttenester (2025) og i undersøkinga av rammeavtalar for verksemdene i forsvarssektoren (2024) kom vi fram til at kontrollen var for dårleg. Ei årsak til dette er at ulike rekneskaps- og rapporteringssystem i verksemdene gjer det svært utfordrande å etablere ei god oppfølging. I nokre tilfelle får ein ikkje følgt opp dette på ein annan måte enn å hente tala direkte frå leverandøren, men dette må i så fall vere ein del av kontrakten mellom partane. Ein slik klausul hadde til dømes Forsvaret i nokre av konsulentavtalane sine.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen har òg sagt seg samd i at det er viktig å følgje opp slike fellesavtalar. I behandlinga av rapporten om DSS meinte komiteen mellom anna at det er ein grunnleggjande føresetnad for fellesavtalar at avtaleforvaltaren har kontroll på totalforbruket.<sup>39</sup>

Vi ser òg at nokre verksemder ikkje følgjer dei systema og rutinane som dei har etablert sjølve, og som er ein del av den interne kontrollen i verksemdene. I nokre tilfelle er det mogleg å omgå etablerte kontrolltiltak, i andre

<sup>39</sup> [Merknadene frå komiteen - stortinget.no](https://stortinget.no/merknadene)

tilfelle følgjer ikkje verksemda sine egne skriftlege rutinebeskrivingar. Vi har til dømes sett at fakturaer manglar kopling eller er kopla til feil rammeavtale i rekneskapsdataa. Slike feil kan òg gjere det svært vanskeleg å følgje opp kor mykje som faktisk er brukt innanfor ein enkelt avtale.

## Manglar dokumentasjon

Etterprøvbarheit er eit av dei grunnleggjande prinsippa som gjeld i alle anskaffingar. God dokumentasjon er viktig for å kunne etterprøve at det faktisk har vore konkurranse, og at det er likebehandling av leverandørane som konkurrerer om kontraktane.

I fleire av undersøkingane våre ser vi at det manglar dokumentasjon om viktige vurderingar og avgjerder gjennom anskaffingsprosessen. Det kan dreie seg om å dokumentere at det faktisk har vore konkurranse, eller kven som har vore involvert i ei anskaffing. Når dokumentasjonen manglar, er det òg vanskeleg å etterprøve at anskaffinga er gjennomført i tråd med regelverket.

Vi såg at både Statsbygg og politiet hadde manglande dokumentasjon. I Statsbygg fann vi at det ikkje var gode nok rutinar for å dokumentere kven som hadde vore involvert i anskaffinga, og det var vanskeleg å etterprøve habiliteten.

Hos politiet fann vi at det i mange anskaffingar mangla behovs- og verdivurderingar, og det mangla dokumentasjon på konkurranse eller andre vesentlege forhold og avgjerder.

## Viktige samfunnsomsyn har ikkje vore tilstrekkeleg tekne i betraktning i statlege anskaffingar

Staten har enorm innkjøpsmakt og sysselset tusenvis av menneske gjennom tenestene dei kjøper, og byggjeprojekta dei set i gang. Dette inneber eitt stort ansvar. Undersøkinga vår av statlege verksemder si oppfølging av løns- og arbeidsvilkår i anskaffingar viste at det ikkje blir gjennomført nødvendige kontrollar.<sup>40</sup> Oppfølginga av revisjonen viste at relevante departement sette i verk fleire tiltak for å betre kontrollen. Endringar i *lov om offentlige anskaffelser* (anskaffingslova), som blei vedtekne i 2026, tydeleggjer vidare føresegner om samfunnsomsyn, inkludert føresegner om løns- og arbeidsvilkår.




Grøne offentlege anskaffingar er eit sentralt verkemiddel for å nå Noregs klimamål. *Riksrevisjonens undersøkelse av grønne offentlige anskaffelser*, Dokument 3:5 (2021–2022), viste at offentlig sektor ikkje i tilstrekkeleg grad brukte innkjøpsmakta si til å redusere klimautslepp. Saka blei følgd opp av Riksrevisjonen i 2025. Vi kunne då konstatere ei positiv utvikling. Nærings- og fiskeridepartementet har i samråd med Klima- og miljødepartementet og Finansdepartementet sett i verk fleire tiltak for

<sup>40</sup> [Fare for sosial dumping i statlege anskaffingar](#)

å styrkje grøne offentlege anskaffingar. DFØ har vidare utvikla fleire hjelpemiddel for å støtte offentlege innkjøparar. Vektinga av klima- og miljøomsyn er òg vidareført og gjort tydeleg gjennom endringar i anskaffingslova i 2026.

## Eit prioritert område, også framover

For å sikre tilliten til offentlig pengebruk er det viktig at staten følgjer regelverket når dei anskaffar varer og tenester. Men Riksrevisjonen ser at ulike verksemdar gjer same type feil. Det har òg stor betydning at viktige samfunnsomsyn blir tekne i betraktning når staten kjøper varer og tenester. Derfor er revisjon av anskaffingar eit prioritert område for oss når vi reviderer disposisjonane. Vi har sett i gang ein ny revisjon av anskaffingar i Statens vegvesen, og vi planlegg fleire i åra framover.





Finansielle revisjonar – kva ser vi på tvers?

## Rettleiing av forvaltninga verkar

I 2025 fekk meir enn 95 prosent av dei statlege verksemdene vi reviderer, godkjent rekneskapane sine utan atterhald. På vegen dit brukte dei finansielle revisjonsteama våre mykje tid på rettleiing, og vi ser at det har effekt.

Rettleiing bidreg til læring og betre rutinar og til at konkrete feil og manglar blir retta.

### Faktaboks 3 Rettleiing er heimla i lova

Riksrevisjonen kan rettleie dei reviderte verksemdene så lenge rettleiinga er i samsvar med sjølvstendet og objektiviteten til Riksrevisjonen. Dette er heimla i riksrevisjonslova § 1-2 andre ledd.

Kjelde: Riksrevisjonen

Vi opplever at det er god dialog mellom finansielle revisjonsteam og statsforvaltninga, på både departements- og verksemdsnivå.

I brukarundersøkinga for finansiell revisjon for 2025 sa 81 prosent av respondentane seg heilt samde i påstanden om at Riksrevisjonen gav relevant og konstruktiv rettleiing. Dei to tidlegare åra meinte høvesvis 68 prosent og 69 prosent det same.

«Vi har generelt god dialog med Riksrevisjonen. Riksrevisjonen gir gode råd og åpner for refleksjoner rundt problemstillinger som ikke alltid har en fasit.»

Kjelde: Brukarundersøkinga 2025.

«Vi opplever god kommunikasjon og vi tar kontakt om det er ulike problemstillinger vi ønsker å diskutere. Vi får alltid gode og konstruktive tilbakemeldinger.»

Kjelde: Brukarundersøkinga 2025.

I brukarundersøkinga gir fleire respondentar uttrykk for eit ønske om at dei finansielle revisjonsteama rettleier meir før årsavslutninga blir gjennomført, og at revisjonsarbeidet blir innretta mot årsoppgjøret så tidleg som mogleg. Revisjonsteama legg derfor stor vekt på ønska og behova til verksemdene når vi planlegg arbeidet. Mange respondentar stadfestar òg at den finansielle revisjonen er brukt eller kjem til å bli brukt til å forbetre verksemda, til dømes når det gjeld rekneskapsrutinar eller internkontroll.

Statlege rekneskapsstandardar (SRS) blir obligatoriske for alle statlege verksemdar med verknad frå 2027. Frå 1. januar 2022 er det ein innføringsperiode på fem år for alle verksemdar som ikkje allereie nyttar SRS.

Reglane fastslår korleis statlege verksemdar som nyttar desse standardane, skal utarbeide og presentere ein verksemdsrekneskap. I 2024 og 2025 har dei finansielle revisjonsteama våre rettleidd mange verksemdar i arbeidet med å etablere opningsbalanse.

Problemstillingar som ofte blir diskuterte, er


- prinsippavklaringar utover dei generelle retningslinjene i SRS for klassifisering og verdsetjing av eigedelar (både immaterielle, finansielle, varige driftsmiddel og anlegg under utføring) og gjeld
- avskrivningar (manuelle avskrivningar og avskrivingsprosent)
- rekneskapsmessige avsetningar
- moglege unntak frå SRS-ane

Vi erfarer at utfordringar som gjeld verdsetjing og avskrivningar, også kan oppstå etter at opningsbalanse er etablert.



I 2024 bidrog revisjonsteama mellom anna med rettleiing som førte til at

- ei verksemd korrigerde balansen med 1,8 milliardar kroner etter å ha revurdert gjenanskaffingsverdi og gjort valuta- og inflasjonsjusteringar
- ei verksemd fekk korrigert tidlegare års manglande avskrivningar på 64 millionar kroner på rett måte mot inngåande balanse i samsvar med reglane i SRS13





# Revisjonar og undersøkingar

R.

## 4 Revisjonar og undersøkingar

### 4.1 Rekneskapsrevisjon

Dokument 1 (2025–2026) viser at rekneskapane til staten i all hovudsak er rette og i samsvar med lover og reglar, med enkelte atterhald.

#### 4.1.1 Revisjon av statsrekneskapen

Statsrekneskapen er ei samanstilling av alle statlege rekneskapar. Kontrollen av statsrekneskapen byggjer på den finansielle revisjonen av departementa og dei underliggjande verksemdene og dessutan revisjonshandlingar retta mot sjølve statsrekneskapen. Riksrevisjonen meiner at statsrekneskapen for 2025 i det vesentlege er rett avlagt og presentert, med enkelte atterhald.<sup>41</sup>

I Dokument 1 (2025–2026) la vi for første gong fram dei økonomiske analysane til Riksrevisjonen. Dei kjem framover til å bli ein viktig del av den årlege gjennomgangen av rekneskapane til staten.

Ei av oppgåvene til Riksrevisjonen er å bidra til forståing og gi politikarar og befolkninga eit realistisk bilete av kva utfordringar staten står overfor. Derfor la vi fram analysar som er gjorde av Noregs finanspolitiske berekraft, altså korleis pengebruken til staten heng saman med kva vi faktisk har råd til.

#### 4.1.2 Revisjon av årsrekneskapane

Vi har revidert statsrekneskapen og 230 årsrekneskapar for departement, statlege verksemdar og fond for 2024. Dette inkluderer årsrekneskapen for Sametinget.

##### Vi har revidert

**230**  
årsrekneskapar

- der 220 rekneskapar i all vesentlegheit er rette
- der 10 rekneskapar ikkje kunne stadfestast å gje eit riktig bilete av den økonomiske aktiviteten



For ti av årsrekneskapane for 2024 kunne ikkje Riksrevisjonen stadfeste at rekneskapane gav eit rett bilete av den økonomiske aktiviteten i verksemda. Dette gjaldt Nav, Forsvaret, Forsvarsbygg, Direktoratet for medisinske produkt, Folkehelseinstituttet, Kriminalomsorgsdirektoratet, Svalbards miljøvernfond, Mattilsynet, Havforskningsinstituttet og Statens vegvesen.

<sup>41</sup> Dokument 1 (2025–2026).

I tillegg rapporterte vi to nye saker med kritikk med utgangspunkt i revisjon av årsrekneskapane. Dette gjeld Sametinget sin lånegaranti (kritikkverdig) og Nav sine tilgangskontrollar og logging (ikkje tilfredsstillande).

Riksrevisjonen kan gi kritikk etter desse tre alvorsgradane:

#### Ikkje tilfredsstillande



Når vi finn svakheiter, feil og manglar som i mindre grad får direkte konsekvensar for enkeltmenneske eller samfunnet.

#### Kritikkverdig



Når vi finn store svakheiter, feil og manglar som ofte kan få moderate til store konsekvensar for enkeltmenneske eller samfunnet.

#### Sterkt kritikkverdig



Når vi finn alvorlege svakheiter, feil og manglar. Desse kan ofte få svært store konsekvensar for enkeltmenneske eller samfunnet.

### 4.1.3 Revisjon av disposisjonane

Revisjon av disposisjonar knytte til årsrekneskapen handlar om å kontrollere at statlege verksemdar bruker pengane slik Stortinget har bestemt, og at dei følgjer lover og reglar.

Vi har lagt desse kategoriane til grunn for prioritering av revisjon av disposisjonane:


- tilskot
- skattar og avgifter / inntekter
- stønader og garantiar
- anskaffingar (investeringar)
- andre disposisjonar

#### Vi har gjennomført

# 8

## revisjonar av disposisjonar

- der 4 revisjonar blei vurderte som *kritikkverdige*
- der 4 revisjonar blei vurderte som *ikkje tilfredsstillande*



I 2025 rapporterte vi fem revisjonar av disposisjonane til Stortinget i Dokument 1 (2025–2026), der vi gav kritikk. I tillegg rapporterte vi tre revisjonar av disposisjonane som blei rapporterte i Dokument 3-serien.

## Revisjon av disposisjoner som er rapporterte til Stortinget i 2025

Kategori	Undersøking	Rapport
Anskaffingar	<b>Bruk av departementenes rammeavtale for konsulenttenester på IKT-området</b> Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Utanriksdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet	Dok. 3:16 (2024–2025)
	<b>Anskaffelser i politiet</b> Justis- og beredskapsdepartementet	Dok. 1 (2025–2026)
Skattar og avgifter	<b>Skatteetatens kontroll med merverdiavgift</b> <b>Finansdepartementet</b>	Dok. 1 (2025–2026)
Stønader og garantiar	<b>Stønad til dekning av utgifter til ortopediske hjelpemidler</b> Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Dok. 1 (2025–2026)
Tilskot	<b>Utdanningsdirektoratets økonomiske tilsyn av private barnehager og skoler</b> Kunnskapsdepartementet	Dok. 1 (2025–2026)
Andre disposisjonar	<b>Statlige virksomheters leieavtaler for lokaler i markedet</b> Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, Energidepartementet, Finansdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Samferdselsdepartementet	Dok. 3:8 (2024–2025)
	<b>Habilitet og integritet i Statsbygg</b> Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	Dok. 3:9 (2024–2025)
	<b>Bruk av tjenestekjøretøy i Statens vegvesen</b> Samferdselsdepartementet	Dok. 1 (2025–2026)

Ved inngangen til 2026 arbeide vi med ytterlegare seks revisjonar av disposisjonane

Pågåande revisjonar av disposisjonar ved inngangen til 2026	
Kategori	Undersøking
Anskaffingar	Anskaffelser i Statens vegvesen
Stønader og garantiar	Utbetaling av sykepengar i NAV
Tilskot	Justis- og beredskapsdepartementets og Hovedredningsentralens forvaltning av tilskudd til redningstjenesten
	Klima- og miljødepartementets forvaltning av tilskudd til Norges klima- og skoginitiativ
	Forsvarsdepartementets forvaltning av tilskudd til militær støtte gjennom Nansen-programmet
	Norads kontroll og oppfølging av tilskudd til sivil støtte gjennom Nansen-programmet

## 4.2 Forvaltningsrevisjon

Riksrevisorkollegiet fastsette i 2022 eit rammeverk for strategiske prioriteringar av revisjonsoppgåver. Føremålet med overordna styringssignal er å bidra til at sakene vi fremjar for Stortinget, tek opp dei aller viktigaste tema for det norske samfunnet.

Følgjande tema er prioriterte:

- omstillinga i samfunnet for å takle klimautfordringane
- samfunnstryggleik og beredskap, inkludert IKT-tryggleik
- forbetring av offentleg sektor, inkludert digitalisering
- forhold som har særleg betydning for ressurstilgangen i samfunnet
- forhold som har særleg betydning for ressursbruken i samfunnet
- varetaking av sårbare grupper

Dei seks temaa er ikkje rangerte. Det kan òg vere nødvendig å undersøkje andre tema på bakgrunn av risiko og vesentlegheit.

I 2025 rapporterte vi 14 forvaltningsrevisjonar til Stortinget. Desse blei rapporterte i Dokument 3-serien.

# 14

## forvaltningsrevisjonar\*

- der 2 revisjonar blei vurderte som *sterkt kritikkverdige*
- der 6 revisjonar blei vurderte som *kritikkverdige*
- der 5 revisjonar blei vurderte som *ikkje tilfredsstillande*



\*I ein revisjon blei tidlegare kritikk oppretthalden.

Forvaltningsrevisjonar som er rapporterte til Stortinget i 2025		
Kategori	Undersøking	Rapport
Klima	<b>Reduksjon av klimagassutslepp frå jordbruket</b> Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet	Dok. 3:13 (2024–2025)
Samfunns-tryggleik	<b>Kapasiteten i strømmettet</b> Energidepartementet	Dok. 3:7 (2024–2025)
	<b>Totalforsvaret i sikkerhetspolitisk krise og krig</b> Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet	Dok. 3:11 (2024–2025)
	<b>Sikring av havneanlegg for å trygge samfunnssikkerheten</b> Nærings- og fiskeridepartementet	Dok. 3:12 (2024–2025)
	<b>Ressursbruk og effektivitet i Politiets sikkerhetstjeneste (PST)</b> Justis- og beredskapsdepartementet	Dok. 3:6 (2025–2026)
	<b>Myndighetenes ansvar i forbindelse med Alexander Kielland-ulykken</b> Energidepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet	Dok. 3:7 (2025–2026)
Forbetring	<b>Arbeidet til styresmaktene med samanhengande digitale tenester</b> Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	Dok. 3:14 (2024–2025)
	<b>Læremidler i grunnskoler og videregående skoler</b> Kunnskapsdepartementet	Dok. 3:17 (2024–2025)

	<b>Bruk av teknologi for å flytte spesialisthelsetenester nær pasienten</b> Helse- og omsorgsdepartementet	Dok. 3:3 (2025–2026)
Ressurs-tilgang	<b>Navs innsats for å forhindre frafall fra arbeidslivet</b> Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Dok. 3:5 (2025–2026)
Ressursbruk	<b>Bistand til klimatilpasning i utviklingsland</b> Utanriksdepartementet	Dok. 3:4 (2025–2026)
Sårbare grupper	<b>Helse- og velferdstjenester til personer med samtidig rusmiddellidelse og psykisk lidelse</b> Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet	Dok. 3:5 (2024–2025)
	<b>Årsaker til utfordringer i barnevernet</b> Barne- og familiedepartementet	Dok. 3:10 (2024–2025)
	<b>Myndighetenes innsats mot barne- og ungdomskriminalitet</b> Justis- og beredskapsdepartementet, Barne- og familiedepartementet	Dok. 3:15 (2024–2025)

Ved inngangen til 2026 arbeide vi med ytterlegare 19 forvaltningsrevisjonar.

Pågåande forvaltningsrevisjonar ved inngangen til 2026	
<b>Kategori</b>	<b>Undersøking</b>
Klima	<b>Kartlegging av naturverdier og klimaeffekter ved arealbruksendringer</b>
	<b>CO<sub>2</sub>-fangst og lagring</b>
Samfunns-tryggleik	<b>Effektivitet i forvaltningen av den militære støtten til Ukraina</b>
	<b>Understøttelse av militære donasjoner til Ukraina</b>
	<b>Objekt- og infrastrukturens sikkerhet</b>
Forbetring	<b>Effektivisering i offentlig sektor</b>
	<b>Effektivitet i de næringsrettede innovasjonshjelpemidlene</b>
	<b>Felles IKT-tjenester for departementsfellesskapet</b>
Ressurstilgang	<b>Arbeidskraft på sentrale samfunnsområder</b>
	<b>Elevers grunnleggende ferdigheter når de avslutter grunnskolen</b>

	<b>Myndighetenes arbeid med å få personer med funksjonshindringer inn i arbeid</b>
Ressursbruk	<b>Energieffektivisering</b>
	<b>Styring for en økonomisk bærekraftig spesialisthelsetjeneste</b>
	<b>Fordeling og kontroll av den sivile støtten til Nansen-programmet</b>
	<b>Samhandling for et bærekraftig helsevesen</b>
	<b>Tjenestetilbudet til barn og unge med psykiske plager og lidelser</b>
	<b>Bærekraft og kvalitet i eldreomsorgen</b>
Sårbare grupper	<b>Bistandsplikta knyttet til plassering av barn i barnevernsinstitusjoner og fosterhjem</b>
Anna	<b>Bane NORs eiendomsvirksomhet</b>

#### 4.2.1 Revisjon av eigarstyringa til staten

Vi har ut frå ei risiko- og vesentlegheitsvurdering undersøkt om statsrådene varetek eigarinteressene til staten i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader.

I 2025 omfatta revisjonen av eigarstyringa til staten fire saker som blei rapporterte i Dokument 3:2 (2025–2026):

- Eigardepartementa si oppfølging av staten sine eigarforventningar
- Eigardepartementa sine retningslinjer etter § 10 i økonomireglementet
- Samferdselsdepartementet si oppfølging av utnyttinga av overskotskapasitet i jernbanens fiberinfrastruktur
- Organisering av eigarskapen til jernbanens verkstadsinfrastruktur

#### 4.3 Oppfølging av tidlegare revisjonar

Riksrevisjonen følgjer normalt opp revisjonar av disposisjonar og forvaltningsrevisjonar to til tre år etter at sakene er behandla i Stortinget. I 2025 har vi følgd opp 20 slike saker. Vi avslutta oppfølginga i 18 av sakene, medan vi vel å følgje to saker vidare.<sup>42</sup>

<sup>42</sup> Dokument 1 (2025–2026), Dokument 3:1 (2025–2026) og Dokument 3:6 (2024–2025).

# 20

## oppfølgingsrevisjonar

- der 18 saker blei avslutta
- der 2 saker blei følgde vidare



### 4.4 Riksrevisjonens arbeid med misferd

Riksrevisjonen har etter riksrevisjonslova § 1-2 ansvar for å bidra til å førebyggje og avdekkje misferd i statleg forvaltning. Dette er ein del av det ordinære revisjonsarbeidet vårt. Arbeidet følgjer krava i dei internasjonale revisjonsstandardane frå INTOSAI, som er utdjupa i Riksrevisjonens eigne retningslinjer.

Når vi planlegg og gjennomfører revisjon, vurderer vi alltid risikoen for misferd som kan vere relevant for formålet med revisjonen<sup>43</sup>. Misferd kan påverke både rekneskap og andre disposisjonar, og det er derfor noko vi ser etter i alle revisjonane våre. Ansvaret gjeld for all revisjon i Riksrevisjonen, men oppgåva er spesielt aktuell når det gjeld rekneskapsrevisjon.<sup>44</sup>

Dersom vi oppdagar misferd, følgjer vi alltid dette opp særskilt, uavhengig av om det påverkar konklusjonen på revisjonen. Dersom revisoren finn forhold som kan vere lovbrøt, blir dette behandla i tråd med lov om Riksrevisjonen og krava i ISSAI 2240.

Vi deler òg gjerne kunnskapen vår. På førespurnad held vi foredrag for eksterne om misferd og korleis det kan førebyggjast og handterast.

Vi tilbyr ein kryptert elektronisk tipskanal som gjer det mogleg å varsle om misferd og andre kritikkverdige forhold i statsforvaltninga på ein trygg måte. I 2025 tok vi imot 92 tips, opp frå 84 året før. Den jamne tilveksten viser at vi nyt tillit som ein uavhengig og sikker mottakar av informasjon som er viktig for å førebyggje og avdekkje misferd. Tipsa bidreg samstundes til relevant sektorinnsikt som styrkjer vurderingane våre av vesentlegheit og risiko.

Litt om tipsa:

- 70 av tipsa blei sende inn under fullt namn. Sjølv om kanalen er kryptert og identiteten til avsendaren blir skjerna i arkivet, gjer dette det mogleg for oss å kommunisere direkte med tipsaren. Dette gir moglegheit for betre oppfølging og meir presis avklaring av informasjonen som er motteken.
- Fire av tipsa handla om offentlege tilskotsordningar.

<sup>43</sup> ISSAI 100 Fundamental Principles of Public Sector Auditing, punkt 47.

<sup>44</sup> Innst. 41 L (2024-2025) merknad til § 1-2, s. 42.



# Måloppnåing innan dei strategiske måla

## 5 Måloppnåing innan dei strategiske måla

### 5.1 Strategisk mål 1: Vi er relevante og gir meirverdi.

#### 5.1.1 Bidrag til Stortinget sin kontroll med forvaltninga

I *Innst. 41 L (2024–2025) om Rapport fra utvalget til å utrede Riksrevisjonens virksomhet* viste kontroll- og konstitusjonskomiteen til at Riksrevisjonen har vore eit organ både for Stortingets konstitusjonelle kontroll og for den parlamentariske kontrollen med regjeringa.

I samband med behandlinga av Dokument 2 (2024–2025) uttalte kontroll- og konstitusjonskomiteen:

«Komiteen understreker den svært viktige oppgaven Riksrevisjonen har som Stortingets kontrollorgan for å sikre at Stortingets vedtak følges lojalt opp og at Norge har en god, ryddig og profesjonell offentlig sektor. Riksrevisjonen har en historie helt tilbake til Grunnloven i 1814 og dannelsen av det første kollegiet i 1816.

Komiteen mener Riksrevisjonen har utført sitt arbeid i tråd med Stortingets forventninger og på en måte som har gjort det mulig både for komiteen og Stortinget effektivt å ettergå regjeringens og forvaltningens oppfølging av de vedtak Stortinget har gjort.»<sup>45</sup>

#### 5.1.2 Bidrag til forbetring av forvaltninga

Vi følgjer normalt opp undersøkingar to til tre år etter at Stortinget har behandla dei. Oppfølginga av tidlegare revisjonar viser at forvaltninga gjennomfører endringar og forbetringar i etterkant av revisjonane. Vi merkar oss endringar i både praksisen, verkemidla og resultatata til forvaltninga. I nokre tilfelle avsluttar vi oppfølginga sjølv om det på tidspunktet for oppfølginga er for tidleg å vurdere om dei endringane som er sette i verk, vil føre til betre resultat. Dette kjem som hovudregel av at vi vurderer forvaltninga si oppfølging av Stortingets og Riksrevisjonens merknader som tilfredsstillande.

I 2025 har vi følgd opp 20 tidlegare saker. I 18 av sakene avslutta vi oppfølginga vår, og 2 saker følgjer vi vidare.<sup>46</sup> Det gjeld *Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med å tilpasse infrastruktur og bebyggelse til et klima i endring*<sup>47</sup> og *Riksrevisjonens undersøkelse av Forsvarets informasjonssystemer for kommunikasjon og informasjonsutveksling i operasjoner*.<sup>48</sup>

Riksrevisjonen har merka seg at departementa har følgd opp mange av tilrådingane frå Riksrevisjonen på ein god måte, men at det framleis står att viktig arbeid. Vi vil derfor følgje opp desse undersøkingane på nytt.

---


<sup>45</sup> Innst. 492 S (2024–2025).

<sup>46</sup> Dokument 1 (2025–2026), Dokument 3:1 (2025–2026) og Dokument 3:6 (2024–2025).

<sup>47</sup> Dokument 3:6 (2021–2022).

<sup>48</sup> Dokument 3:3 (2022–2023).

Dei årlege brukarundersøkingane viser at forvaltninga opplever at revisjonane våre er relevante og nyttige, og at dei blir brukte til konkrete forbetringar. Tilbakemeldingane er gjennomgåande gode, og variasjonane er små frå år til år. Den opplevde nytta har lege stabilt høgt dei siste åra. Dette gjeld både for finansiell revisjon og for forvaltningsrevisjon, som figuren nedanfor viser (4 er høgaste skår).



Undervegs i revisjonane rettleiar vi departementa og verksemdene. Erfaringa vår er at rettleiinga er godt eigna til å bidra til læring, utvikling og retting av feil og manglar. Ei verksemd uttaler:

«Vi oppfatter Riksrevisjonen som en god revisor, men også som en god rådslager.»

## Revisjonsmeldingar

Revisjonsmeldingane våre er eit av fleire verkemiddel for å bidra til forbetring i forvaltninga. Riksrevisjonens konklusjonar for kvar enkelt årsrekneskap blir presenterte i ei revisjonsmelding som vi sender til verksemdene, og som blir offentleggjort saman med årsrapporten til verksemdene. Figuren nedanfor viser at vi ikkje nådde målet vårt om å levere 70 prosent av meldingane innan 1. mai, men vi nådde målet om 100 prosent innan 1. juli.

### Andel leverte revisjonsmeldingar:

#### Mål:

**70 %**

innan 1. mai

**100 %**

innan 1. juli

#### Resultat:

**33 %\***

innan 1. mai

**100 %**

innan 1. juli



\*Resultat per 27. mai var 71 %.

### 5.1.3 Høg tillit i befolkninga

Det er viktig for Riksrevisjonen å ha eit godt omdøme, ikkje berre på Stortinget og i forvaltninga, men i befolkninga òg. Det vi undersøker, er viktig for innbyggjarane, og eit godt omdøme bidreg til større interesse for revisjonsresultata våre.

Undersøkinga *Traction Offentlig 2025*, som måler tilliten befolkninga har til 40 kjende offentlege etatar, viser at Riksrevisjonen har eit «svært godt omdøme». Dette er tredje året undersøkinga blir gjennomført, og omdømet vårt held seg høgt.

#### Apelands årlege nasjonale omdømeundersøking:

**2025:**

*Svært godt omdøme*

**2024:**

*Svært godt omdøme*

**2023:**

*Svært godt omdøme*



Målet vårt er å vere blant dei fem beste offentlege etatane. I 2023 og 2024 kom vi på høvesvis første- og andreplass av 30 etatar, medan vi kom på ellevtteplass i 2025 av 40 etatar.

Eit representativt utval blei bedt om å vurdere oss ut frå seks såkalla omdømedrivarar: kvalitet, klima, leiing, etikk, innovasjon og ressursutnytting. Innbyggjarane har særleg høg tillit til Riksrevisjonen når det gjeld kvalitet, leiing og etikk. På alle desse punkta er vi på topp tre blant dei etatane undersøkinga måler.

Undersøkinga blei gjennomført av kommunikasjonsbyrået Apeland og mediehuset Altinget og presentert på Arendalsveka.

## 5.2 Strategisk mål 2: Vi leverer revisjon av høg kvalitet.

Vi vurderer kvaliteten på arbeidet vårt ut frå den faglege kvaliteten på revisjonane våre (produktkvalitet) og kvaliteten på prosessen og kommunikasjonen vi har med dei vi reviderer (prosesskvalitet). Vi måler òg om vi er ein attraktiv arbeidsgivar.

### 5.2.1 Produktkvalitet i revisjonane og undersøkingane våre

Riksrevisjonen gjennomfører regelmessig Toppleiinga sin etterfølgjande kontroll (TEK) for å vurdere om kvalitetssikringssystemet fungerer, og om standardar og retningslinjer for revisjon blir etterlevde.

TEK hausten 2025 viste at Riksrevisjonen har gjennomgåande høg kvalitet i revisjonsarbeidet. Dette gjeld særleg for forvaltnings- og etterlevingsrevisjon. For finansiell revisjon er det fleire positive utviklingstrekk samanlikna med førre TEK (2022). Ingen av dei kontrollerte oppdraga har fått ein samla negativ konklusjon. Praksis for

revisjon av generelle IT-kontrollar har modna. Arbeidet med å forbetre Riksrevisjonen sitt system for kvalitetssikring av den finansielle revisjonen held fram.

## Evalueringsprisen

Saman med Trondheim kommunerevisjon fekk Riksrevisjonen evalueringsprisen i 2025 for vår felles undersøking av Helseplattforma i Midt-Noreg.

Juryen grunngir prisen med at undersøkinga viser solid metodisk og fagleg innsikt i dei teknologiske, organisatoriske og styringsmessige utfordringane i eit omfattande og kritisk digitaliseringsprosjekt. Undersøkinga får tydeleg fram korleis digital samhandling påverkar pasientar, helsepersonell og forvaltning, og kva konsekvensar det kan ha at teknologien ikkje fungerer som han skal.

Juryen framhevar òg samarbeidet mellom Riksrevisjonen og Trondheim kommunerevisjon og karakteriserer det som innovativt. Aldri før har statleg og kommunal revisjon samarbeidd så tett og omfattande om ei evaluering. Samarbeidet gav både breiare perspektiv, større tilgang på data og auka fagleg slagkraft.

Fordi saka var spesielt viktig for helsesektoren, brukarar og innbyggjarar i Midt-Noreg, la vi fram rapporten i Trondheim, saman med Trondheim kommunerevisjon. Dette er første gong Riksrevisjonen har hatt pressekonferanse utanfor Oslo.


Dette var svært vellykka, og undersøkinga fekk stor gjennomslagskraft i offentlegheita, gjennom oppslag i ulike medium og ved at mange besøkte pressekonferansen og den digitale sendinga.

### 5.2.2 Kvaliteten på prosessen med reviderte verksemder

Vi skal vere profesjonelle, opne og brukarorienterte når vi kommuniserer med reviderte verksemder. I brukarundersøkingane vi sender til reviderte verksemder, spør vi korleis dei opplevde revisjonsprosessen og kommunikasjonen rundt dette. Eit departement uttalte i brukarundersøkinga:

«Departementet setter pris på god og konstruktiv dialog med Riksrevisjonen i år som i tidligere år.»

Over fleire år har vi fått gjennomgåande gode tilbakemeldingar, og forvaltninga opplever revisjonsprosessen som god (4 er høgaste skår).



### 5.2.3 Riksrevisjonen skal vere ein attraktiv arbeidsgivar

Universum rangerer kor attraktive ulike arbeidsgivarar er. Målet vårt er å vere blant dei 70 beste, både blant studentar og blant dei med yrkeserfaring. I 2025 kom vi på 66. plass blant studentar og 64. plass blant erfarne kandidatar, ein oppgang på høvesvis 10 og 14 plassar frå året før.

#### Plassering i Universums rangering av dei mest attraktive arbeidsplassane i Noreg:

**Mål:**

**70**


**Resultat:**

**66**

Plassering blant studentar

**64**

Plassering blant yrkesaktive



For at Riksrevisjonen skal vere ein attraktiv arbeidsgivar som beheld, utviklar og tiltrekkjer seg kvalifisert arbeidskraft, er det viktig at dei tilsette får høve til å oppdatere kompetansen sin. Arbeidsmiljøundersøkinga vår i 2025 viser at 73 prosent av medarbeidarane svarer at dei ofte eller alltid opplever at dei får høve til å oppdatere kunnskap og ferdigheiter som trengst i jobben. Målet er 69 prosent.

#### Del tilsette som svarer at dei får høve til å oppdatere kompetansen sin:

**Mål:**

**69 %**

**Resultat:**

**73 %**



### 5.3 Strategisk mål 3: Vi er ein effektiv organisasjon.

Leveransane frå utviklingstiltaka våre legg til rette for auka effektivitet innanfor revisjon og i støttefunksjonar i åra framover. Dei forventa gevinstane handlar i hovudsak om å oppnå økonomiske innsparingar, forenklingar og redusert tids- og ressursbruk i arbeidsprosessar. Vi måler effektiviseringa ved mellom anna å talfeste innsparingar som kan brukast til investering i utviklingstiltak, og ved å vurdere om vi leverer revisjonsprodukta våre innan fastsette tidsfristar, og i kva grad vi klarer å redusere reiseverksemda vår.

For å styrkje utviklingsarbeidet vårt har vi hatt som mål å frigjere midlar til utviklingstiltak i 2025. Målet i 2025 var å frigjere 2 prosent av budsjettet. Rekneskapen viser at vi frigjorde 26,9 millionar kroner. Dette utgjorde 3,7 prosent.

#### Del av løyving frigjord til utviklingstiltak:

Mål:

2 %

Resultat:

3,7 %



Vi har som mål å redusere klimautslepp frå flyreiser. Vi har ikkje nådd dette målet i 2025. Som figuren nedanfor viser, er klimautsleppa i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar høgare enn målet.

#### Klimagassutslepp målt i CO<sub>2</sub>e:

Mål:

205 617

Resultat:

232 183



For å sikre at vi er ein effektiv organisasjon, er det viktig å ha eit sunt arbeidsmiljø med balanse mellom ressursar og oppgåver. Arbeidsmiljøundersøkinga (MUST) i 2025 viser at Riksrevisjonen oppnår betre resultat på spørsmåla om jobbengasjement, organisasjonstilhøyrse og jobbpress enn det vi hadde sett oss som mål.

## Resultat frå arbeidsmiljøundersøkinga MUST:

### Mål:

**33 %**

eller færre opplever  
høgt jobbpress

**74 %**

eller fleire opplever  
høgt jobbengasjement

**72 %**

eller fleire opplever høg  
organisasjonstilhøyrse

### Resultat:

**31 %**

**79 %**

**80 %**



Eit lågt sjukefråvær er òg viktig for at vi skal vere ein effektiv organisasjon. Det har vore ei positiv utvikling i sjukefråværet i Riksrevisjonen. Det totale sjukefråværet i 2025 var på 4,5 prosent, mot 5,9 prosent året før. Vi har dermed nådd målet vårt om å redusere sjukefråværet til under 5,6 prosent, som figuren nedanfor viser.

## Årleg sjukefråvær:


### Mål:

Ikkje høgare enn

**5,6 %**

### Resultat:

**4,5 %**



For å oppretthalde effektiviteten på lang sikt er det viktig at arbeidstidsreglar blir overhaldne. Riksrevisjonen skal ikkje ha brot på arbeidstidsføresegnene. Talet på brot har gått ned frå 2024, men det var framleis 117 brot i 2025.

## Brot på arbeidstidsføresegnene:

### Mål:

**0**

### Resultat:

2025:

**117**

2024:

**312**



## 5.4 Strategisk mål 4: Vi er aktive og tilgjengelege i samfunnsdialogen.

### 5.4.1 Nytte, truverd og relevans for allmenta

Riksrevisjonen skal formidle revisjonsresultata våre tydeleg i offentlegheita. Undersøkingane våre er viktige bidrag til ei opplyst offentlegheit, og media er den viktigaste kanalen vår til innbyggjarane.

I 2025 blei Riksrevisjonen omtalt rundt 5 500 gonger i media. Det er Riksrevisjonens konklusjonar og kritikk dei fleste medieomtane tek utgangspunkt i. Når vi offentliggjør ei ny undersøking, gir det ofte brei medieomtale dei første dagane, men vi ser òg at mange undersøkingar blir brukte i mediasaker over tid. Det tek vi som eit teikn på at undersøkingane blir sett på som aktuelle og relevante bidrag til samfunnsdebatten.

**Talet på gonger vi blei omtalte i media i 2025:**

**Mål:**

**3 500**

**Resultat:**

**5 500**



Undersøkingane som blei omtalte flest gonger i media:

- Riksrevisjonens årlege rapportering til Stortinget om regnskapsrevisjon
- Kapasiteten i strømnettet
- Ressursbruk og effektivitet i Politiets sikkerhetstjeneste

Nettstaden vår, riksrevisjonen.no, er samfunnet si hovudkjelde til funna og tilrådingane våre og til informasjon om samfunnsoppdraget vårt. I 2025 hadde nettstaden 253 000 besøk. Dei som besøker nettstaden, er først og fremst opptekne av nye rapportar.

Undersøkingane som var mest besøkte på nettstaden:

- Helse- og velferdstjenester til personer med samtidige rusmiddellidelser og psykiske lidelser
- Totalforsvaret i sikkerhetspolitisk krise og krig
- Riksrevisjonens årlege rapportering til Stortinget om regnskapsrevisjon

### Konferansar og presentasjonar

#### *Fagkonferansar er ein viktig del av samfunnsdialogen*

Revisjonane våre skal bidra til forbetring. Derfor har vi eit særleg ansvar for å formidle resultatet av undersøkingane våre til fagmiljø som kan ha nytte av det. Fagkonferansar er

ein viktig arena for oss, og vi bruker mykje tid på å reise rundt og presentere undersøkingar.

I 2025 heldt både riksrevisor Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og representantar for revisjonsavdelingane innlegg på konferansar og arrangement over heile landet, som Digitaliseringskonferansen, Arendalsveka og Evalueringskonferansen. Undersøkingane om tryggleik og forsvar var særleg etterspurde i 2025. Undersøkinga *Totalforsvaret i sikkerhetspolitisk krise og krig* presenterte vi fleire gonger for sentrale aktørar på forsvars- og beredskapsfeltet.

I løpet av 2025 heldt vi over 50 ulike presentasjonar av undersøkingane våre.

### **Forbetningskonferansen: Fleire må i arbeid - kva gjer vi?**

I november 2025 inviterte Riksrevisjonen til Forbetningskonferansen for tredje gong. Vi sette søkjelyset på behovet for meir arbeidskraft og spurde kva vi skal gjere for å behalde og få fleire i arbeid.

Vi la særleg vekt på erfaringsdeling. Både Kristiansand kommune, Lillestrøm kommune, Rema 1000, Telenor og Nav fortalde kva grep dei har teke, og ikkje minst lykkast med, for å inkludere fleire i arbeidslivet. Med dette ønskte vi å vise kva som fungerer, for å bidra til læring.

Vi la òg fram ein ny rapport på konferansen: *Navs innsats for å forhindre frafall fra arbeidslivet*. Undersøkinga viser at stadig fleire fell utanfor, og at både sjukefråværet og delen som får helserelaterte ytingar, aukar. Statsråden svarte på kritikken og forklarte kva grep regjeringa tek no.

Målgruppa for Forbetningskonferansen er Stortinget, regjeringa, statsforvaltninga og andre sentrale samfunnsaktørar. 305 personar deltok på konferansen, med ei overvekt av leiingar i statsforvaltninga. Evalueringa viser at deltakarane var nøgde. 96 prosent svarte at dei var nøgde eller ganske nøgde med konferansen.

Vi jobbar med å etablere Forbetningskonferansen som ein årleg fagkonferanse. Konferansen vil ha ulike tema frå år til år, men med ein tydeleg raud tråd. For å sikre velferdstenestene i framtida må staten bruke ressursane sine betre. Derfor bruker vi konferansen til å ta ei aktiv rolle i debatten om forbetring av offentleg sektor. I tråd med internasjonale prinsipp for offentleg revisjon er dette ei viktig oppgåve for riksrevisorar.

I 2026 blir temaet på konferansen dei utfordringane helsevesenet står overfor når stadig fleire lever lenger og treng meir helsehjelp.

**Schjøtt-Pedersen under  
Forbetringskonferansen  
2025.**

Foto: Riksrevisjonen



**Lars Nehru Sand og  
Håkon Haugsbø  
samanfattar årets  
konferanse.**

Foto: Riksrevisjonen



**Samtale mellom Bernt  
Jørgen Stray (direktør  
for Næring og Nav i  
Kristiansand kommune),  
Hege Gabrielsen (PwC)  
og Mariann Halvorsen  
Auke (PwC).**

Foto: Riksrevisjonen

## **Openheit på nye måtar**

Riksrevisjonen skal vere opne om korleis vi jobbar, og korleis vi har kome fram til konklusjonane våre. Det er eit viktig demokratisk prinsipp.

Før vi offentleggjer ein ny rapport, presenterer vi han i eit eige møte med kontroll- og konstitusjonskomiteen, men komitébehandlinga på Stortinget er lukka.

I 2025 testa vi ei ny form for openheit. Etter initiativ frå kontroll- og konstitusjonskomiteen opna vi overleveringa av to rapportar for pressa, og dermed for allmenta òg. Det gjaldt undersøkingane av kapasiteten i strumnettet og styresmaktene sitt ansvar i samband med Alexander Kielland-ulykka. Begge desse undersøkingane hadde stor offentleg interesse.

Pressedekkinga var god og tilbakemeldingane positive, mellom anna frå presselosjen i Stortinget. Nestleiar Eirik Røsvik uttalte til Medier24: «Presselosjens styre er glade for alle initiativ som kan gi økt åpenhet. Det tjener alle godt. Jeg håper at andre komiteer på Stortinget som i dag er lukket, ser det positive med en slik åpenhet.»

**Overlevering av  
Riksrevisjonen sin  
rapport om Alexander  
Kielland-ulykka.**

Foto: Stortinget



**Riksrevisjonen i møte  
med kontroll- og  
konstitusjonskomiteen.**

Foto: Stortinget



**Kontroll- og  
konstitusjonskomiteen  
under overleveringa frå  
Riksrevisjonen.**

Foto: Stortinget



# Organisering, styring og utvikling

**R.**

## 6 Organisering, styring og utvikling

### 6.1 Rolle og oppgaver

Riksrevisjonen er den einaste aktøren som gir Stortinget ein samla og uavhengig revisjon av statlege verksemdar, og kontrollane og undersøkingane våre tek utgangspunkt i det Stortinget har bestemt, til dømes lover og vedtak.

Undersøkingane våre er uavhengige og objektive og skal gi Stortinget eit fagleg grunnlag for å utøve den kontrollfunksjonen dei har overfor regjeringa. Utover faste pålagde oppgaver, som den finansielle revisjonen av årsrekneskapane og statsrekneskapen, vel vi sjølve kva vi skal undersøkje. Stortinget i plenum kan likevel påleggje oss å utføre undersøkingar.

- 📄 Lov om Riksrevisjonen definerer dei overordna rammene for arbeidet vårt. Vi bruker INTOSAls (International Organization of Supreme Audit Institutions) internasjonale rammeverk og standardar for offentleg revisjon. Desse inneheld grunnleggjande prinsipp og kvalitetskrav for riksrevisjonar.

#### 6.1.1 Ny lov om Riksrevisjonen frå 2025

I slutten av 2024 vedtok Stortinget ny lov om Riksrevisjonen, som tredde i kraft 1. januar 2025. Det er i fleire føresegner gjort innhaldsmessige og lovtekniske endringar, jf. Innst. 41 L (2024–2025) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen. I hovudsak er føresegnene i lova ei vidareføring og presisering av gjeldande rett. Lova fører vidare at oppgåvene til Riksrevisjonen er rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av eigarstyringa til staten. Det er gjort enkelte endringar i leiingsmodellen til Riksrevisjonen ved at det blir innført eit skilje mellom oppgåvene til leiaren av kollegiet og oppgåvene til revisjonsdirektøren. Kollegiet får òg meir eksplisitt overordna ansvar for verksemdsstyringa. Endringane i leiingsmodellen har verknad frå 1. januar 2026.

#### 6.1.2 Avtale om revisjon av Sametinget

Riksrevisjonen er ekstern, uavhengig revisor for Sametinget på to nivå:

- Vi reviderer Sametinget for Stortinget.
- Vi reviderer den utøvande delen av Sametinget (Sametingsrådet og administrasjonen) på vegner av Sametinget i plenum, som er Sametingets øvste organ og myndigheit.

Den gjennomførte revisjonen av den utøvande delen av Sametinget rapporterer vi til Sametinget i plenum. Arbeidet kjem i tillegg til Riksrevisjonen sin årlege, finansielle revisjon av Sametinget sin rekneskap og krev auka ressursbruk. Stortinget har derfor for 2026 løyvd 5 millionar kroner til denne oppgåva. Riksrevisjonen har vedteke å setje i gang ei undersøking av dei samiske språksentera i 2026.

Riksrevisjonen overleverte i 2025 ein rapport til Sametinget om den finansielle revisjonen for 2024. Rapporten omfatta mellom anna saka om Sametinget sin lånegaranti, som også er rapportert til Stortinget i Dokument 1 (2025–2026). Rapporten inneheldt òg ein presentasjon av nøkkeltal. Riksrevisoren overleverte rapporten til Sametinget under eit besøk i Karasjok 19. november 2025. Under besøket hadde riksrevisoren òg møte med plenumsleiinga, Sametingsrådet og kontrollutvalet. Møta la eit godt grunnlag for vidare samarbeid om revisjon og kontroll.

### **Flagget vaier utanfor Sametinget.**

Foto: Åse M.P. Pulk/  
Sámediggi



**Riksrevisor Schjøtt-Pedersen  
overleverer rapport til  
plenumsleiar Sandra Márjá  
West på Sametinget.**

Foto: Riksrevisjonen

## 6.2 Riksrevisjonen sin organisasjon

### 6.2.1 Riksrevisorkollegiet og revisjonsråd

Etter Grunnlova skal Stortinget utnemne fem riksrevisorar som utgjer kollegiet i Riksrevisjonen. Desse blir valde for ein periode på fire år, med tiltreding ved årsskiftet etter stortingsvalet. Stortinget peikar samstundes ut leiaren og nestleiareren av riksrevisorkollegiet. Stortinget utnemner òg personlege varamedlemmer til kollegiet. Kollegiet er den øvste leiinga i Riksrevisjonen og har ansvaret for revisjonsverksemda og den overordna styringa av verksemda.

I desember 2021 valde Stortinget nytt riksrevisorkollegium for perioden 2022-2025. Karl Eirik Schjøtt-Pedersen leidde riksrevisorkollegiet.

Riksrevisorkollegiet 2022-2025		
Riksrevisorar	Rolle	Varamedlemer
Karl Eirik Schjøtt-Pedersen	Leiar	Svein Roald Hansen
Tom-Christer Nilsen	Nestleiar	Beate Heieren Hundhammer
Helga Pedersen	Medlem	Heidi Grande Røys
Anne Tingelstad Wøien	Medlem	Tor Peder Lohne
Arve Lønnum	Medlem	Torstein Dahle

Revisjonsråden har støtta leiaren i kollegiet i den daglege leiinga av verksemda og har dessutan vore sekretær for riksrevisorkollegiet. Jens Arild Gunvaldsen var revisjonsråd i Riksrevisjonen frå 2016 og fram til 31. desember 2025.

### Ny leiingsmodell i Riksrevisjonen

Som følge av ny lov om Riksrevisjonen fekk Riksrevisjonen ein ny leiingsmodell med verknad frå 1. januar 2026. Leiaren av kollegiet har ikkje lenger rolla som dagleg leiar. Det følgjer av lov om Riksrevisjonen § 2-6 at revisjonsdirektøren har det daglege administrative, økonomiske, personalmessige og faglege ansvaret og er ansvarleg for å setje i verk vedtaka til kollegiet. Revisjonsdirektøren erstattar den tidlegare revisjonsråden.


Jens Arild Gunvaldsen er revisjonsdirektør frå 2026. Revisjonsdirektøren er sekretær for kollegiet, førebur og gir tilrådingar i saker som blir lagde fram for kollegiet, og er ansvarleg for å setje i verk vedtaka til kollegiet.

I desember 2025 valde Stortinget nytt riksrevisorkollegium for perioden 2026-2029. Karl Eirik Schjøtt-Pedersen held fram som leiar av riksrevisorkollegiet i 2026.

Riksrevisorkollegiet 2026-2029		
Riksrevisorar	Rolle	Varamedlemer
Karl Eirik Schjøtt-Pedersen	Leiar	Åsunn Lyngedal
Solveig Horne	Nestleiar	Dag Vangsnes
Rigmor Aaserud	Medlem	Torgeir Knag Fylkesnes
Harald Tom Nesvik	Medlem	Nils T. Bjørke
Tom-Christer Nilsen	Medlem	Maren Njøs Kurdøl


## 6.2.2 Organisering

Vi er organiserte i sju avdelingar: tre rekneskapsrevisjonsavdelingar, to forvaltningsrevisjonsavdelingar, éi administrasjonsavdeling og éi støtte- og utviklingsavdeling. Kvar avdeling blir leidd av ein ekspedisjonssjef. I tillegg har vi ein stab for styring og kommunikasjon, ein juridisk stab og ein internasjonal seksjon.



Dei administrative støttestrukturane våre leverer tenester til heile organisasjonen. Funksjonane tek seg mellom anna av drift og utvikling av dei ulike systema våre, og dei leverer tenester som HR, løn, økonomi, arkiv, bibliotek, trygging, drift, reinhald, kommunikasjon, verksemdsstyring og leiingsstøtte.


Fordi vi har ein ny leiingsmodell frå 1. januar 2026, blir det enkelte endringar i organisasjonskartet frå 2026.



### 6.2.3 Talet på tilsette og regionalt nærvær

Ved utgangen av 2025 hadde Riksrevisjonen 436 fast tilsette. Medarbeidarane våre er hovudsakleg økonomar, revisorar, juristar og samfunnsvitarar. I 2025 utførte vi 410 årsverk.

Hovudkontoret ligg i Oslo, og vi har regionkontor i Tromsø, Bodø, Trondheim, Bergen, Kristiansand og Hamar. Ved utgangen av 2024 hadde 68 medarbeidarar kontorplass utanfor Oslo. Kwart regionkontor hadde mellom 10 og 18 medarbeidarar. Sjå meir om organiseringa vår på [www.riksrevisjonen.no](http://www.riksrevisjonen.no).



## 6.3 Riksrevisjonen si styring av verksemda

### 6.3.1 Overordna styring av Riksrevisjonen

Verksemdsstyringa av Riksrevisjonen er forankra i riksrevisjonslova, Riksrevisjonens instruks for økonomi- og verksemdsstyring og instruks for arbeidsdeling mellom kollegiet og revisjonsdirektøren.

Dei overordna krava til styring følgjer av økonomiregelverket i staten. Verksemda skal fastsetje mål og resultatkrav innanfor disponible ressursar, sikre måloppnåing, effektiv ressursbruk og etterleving av lover og reglar og sørge for tilstrekkeleg styringsinformasjon og forsvarleg avgjerdsgrunnlag. Styring, oppfølging og kontroll skal tilpassast verksemda sin eigenart og risikoen og vesentlegheita som gjeld for verksemda. Verksemda skal planleggje med både eittårig og fleirårig perspektiv, rapportere om måloppnåing og resultat og ha system og rutinar med innebygd intern kontroll.

Styringa i Riksrevisjonen er basert på mål- og resultatstyring, men omfattar òg fagleg kvalitetsstyring, etikk, kompetansestyring, IKT-styring, internkontroll og risikostyring i eit samla system. Årshjulet er eit viktig støtteverktøy i styringa. Det gir ein fast struktur for når sentrale styringssaker blir behandla i kollegiet. Det omfattar verksemdsrisiko, status for verksemdsplan og handlingsplan, økonomi- og budsjettoppfølging, planane og rapportane til internrevisjonen, årsrekneskapen og årsmeldinga. Årshjulet bidreg til at oppfølginga av styringsinformasjonen blir regelmessig, samordna og forankra.

I 2025 etablerte Riksrevisjonen eit heilskapleg rammeverk for styringsdokument. Rammeverket er resultatet av eit grundig arbeid med å strukturere og systematisere dei styrande dokumenta til Riksrevisjonen. Det byggjer på anerkjende standardar og god praksis frå andre offentlege verksemder. Det sikrar ein klar hierarkisk struktur med veldefinerte avgjerdsnivå og tydeleg eigarskap til dokumenta, og det legg til rette for at styringsdokumenta til kvar tid er oppdaterte, er lett tilgjengelege og følgjer felles malar. Samla gir dette eit godt grunnlag for einskapleg praksis, god internkontroll og effektiv verksemdsstyring i Riksrevisjonen.

### 6.3.2 Strategisk plan og årleg verksemdsplan

2025 markerte starten på Riksrevisjonen sin nye strategiske plan for perioden 2025–2027.

Den strategiske planen for 2025–2027 fastset fire hovudmål:

- Vi er relevante og gir meirverdi.
- Vi leverer revisjon av høg kvalitet.
- Vi er ein effektiv organisasjon.
- Vi er aktive og tilgjengelege i samfunnsdialogen.

Det er knytt resultatindikatorar til måla, og handlingsplanar og verksemdsplanar operasjonaliserer prioriteringane. I den årlege verksemdsplanen fastset vi prioriteringane

for revisjonsarbeidet, utviklingsarbeidet, den faglege og administrative støtta og det internasjonale arbeidet.

Fagleg styring er forankra i kvalitetsstyringssystemet og kompetansestyringssystemet. IKT-styringa er forankra i retningslinjer for utvikling, drift og forvaltning. Det omfattar informasjonsforvaltning, informasjonstryggleik, personvern og arkiv.

